




FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

ÅRSRAPPORT 2020



Finansielt utsyn 2020 og rapportering frå tilsynsområda

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i den halvårlege rapporten *Finansielt utsyn* i juni og desember. Rapporteringa frå aktivitetar på tilsynsområda i 2020 blei publisert som separate rapportar i februar 2021.

INNHALD

I	RAPPORT FRÅ LEINGA	4
II	INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	7
III	ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	21
IV	STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	38
V	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	43
VI	ÅRSREKNESKAP	46



RAPPORT FRÅ LEINGA

RAPPORT FRÅ LEINGA

Covid-19-pandemien prega verksemda til Finanstilsynet i 2020. Pandemien utløyste det største økonomiske tilbakeslaget sidan krigen. Store delar av næringslivet blei kraftig ramma av smitteverntiltaka og av åtferdsendingar som følgje av pandemien. Krisa utløyste uro i finansmarknaden med ein gong, men omfattande stimulanse-tiltak bidrog til at marknadene roa seg raskt. Trass i pandemien og det økonomiske tilbakeslaget auka prisane på verdipapir og eigedom kraftig siste delen av året. Den økonomiske aktiviteten tok seg gradvis opp etter kvart som nedstengingstiltaka blei trappa ned, men aktiviteten er framleis vesentleg lågare enn før krisa.

Vaksinasjon vil bidra til at smitteverntiltak kan avviklast, men smitteutviklinga og effekten til vaksinane er framleis usikker. Utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene vil òg bli påverka av kor lenge dei ekstraordinære finans- og pengepolitiske stimulanse-tiltaka kan halde fram. Det er bygd opp stor fallhøgde i marknadene for verdipapir og eigedom.

Internasjonalt har statlege krisetiltak ført til svært store budsjettunderskot og dermed store statlege låneopptak. I motsetning til høva i dei fleste andre land har den norske staten stor finansiell handlefridom. Denne handlefridommen har vore brukt under krisa. Men norske hushald har høg gjeld, og gjeldsveksten har auka dei siste månadene. Saman med rekordhøge bustadprisar utgjer dette ein stor risiko for den økonomiske og finansielle stabiliteten i Noreg.

Smitteutbrotet og nedstengingstiltaka som blei sette i verk i mars, innebar ein akutt fare for likviditetskrise og samanbrot i drifta av betalingssystemet og annan finansiell infrastruktur. Vidare kunne ein langvarig økonomisk nedgang etter kvart påføre bankar og andre finansføretak store tap. I den første tida etter at krisa braut ut, konsentrerte derfor Finanstilsynet seg om å overvake driftsstabiliteten i den finansielle infrastrukturen og likviditeten i finansføretak og verdipapirfond. I tillegg tok Finanstilsynet straks fleire initiativ for å sikre soliditeten i bankar og forsikringsføretak.

Koronakrisa trefte mange europeiske land med stor kraft på få dagar og utløyste stor aktivitet i dei felles europeiske tilsynsmyndigheitene, som initierte felles tilsynstiltak. Rapporteringskrava blei tilpassa behovet for å forsterke overvakinga av utviklinga i drift og likviditet

i føretaka. Samtidig lempa ein på ein del krav for å lette rapporteringsbyrdene til føretaka.

Å sikre soliditeten til finansføretaka for å gjere dei i god stand til å tole store tap og samtidig yte lån og andre finansielle tenester blei raskt eit viktig omsyn i den europeiske krisehandteringa òg. Med bakgrunn i den ekstreme uvissa bestemte dei felles europeiske tilsynsmyndigheitene seg for å oppmode nasjonale tilsynsmyndigheiter og alle føretak sterkt om å unngå utbyte, tilbakekjøp av eigne aksjar og anna utdeling av eigenkapital, uavhengig av den finansielle stillinga til det enkelte føretaket. Finanstilsynet følgde opp dette i eigne oppmodingar til føretaka og i råd til Finansdepartementet om bruk av departementet sine lovheimlar som makrotilsynsmyndigheit.

Smitteverntiltaka til regjeringa innebar at Finanstilsynet, til liks med mange andre verksemdar, på kort tid måtte basere drifta på heimearbeid. IKT-systema til tilsynet var i utgangspunktet innretta slik at dette kunne gjennomførast raskt med berre enkelte tilpassingar og tilretteleggingstiltak. Ein kunne dermed i stor grad ha normal verksemd. Denne omstillinga har i seg sjølv bidrege til meir digitalisering av verksemda og gitt erfaringar som vil vere av stor nytte når driftssituasjonen blir normal igjen. Finanstilsynet har fastsett ein ambisiøs strategi for å digitalisere verksemda ytterlegare, og mange av tiltaka i strategien blei følgde opp i 2020, trass i krisa.

Sjølv om Finanstilsynet i stor grad har hatt den same kapasiteten, har krisa og smitteverntiltaka likevel avgrensa tilsynsverksemda. Stadlege tilsyn, som er ei kjerneoppgåve for Finanstilsynet, har ikkje late seg gjennomføre i tråd med planane. Ein har hatt digitale møte, men slike møteformer kan ikkje fullt ut erstatte fysiske møte under stadlege tilsyn. I tillegg har ekstraordinære oppgåver som er utløyste av pandemien, lagt beslag på kapasiteten til tilsynet.

Finanstilsynet har i hovudsak løyst oppgåvene sine i tråd med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet. Planlagde aktivitetar på ulike område i 2020 er langt på veg gjennomførte, men fleire viktige tilsynsaktivitetar er ikkje gjennomførte som planlagt på grunn av pandemien og knappe ressursar. Ein del av desse aktivitetane er utsette til 2021, men utsette aktivitetar vil òg fortrenge

andre oppgåver som kunne ha blitt gjennomførte i 2021 og seinare.

Finanstilsynet har dei siste åra fått mange nye oppgåver og verkemiddel, mellom anna som krisehandteringsmyndigheit, innanfor kvitvaskingstilsyn og i tilsynet med infrastrukturen og handelen på verdipapirmarknaden. Deltakinga i det europeiske tilsynssamarbeidet og utgreiingsoppdrag frå departementet avgrensar samtidig kapasiteten tilsynet har til å utføre kjerneoppgåvene sine.

Som andre etatar søker Finanstilsynet å effektivisere verksemda gjennom digitalisering, forbetra arbeidsprosessar og vidareutvikling av risikobasert tilsynsmetodikk innanfor ramma av lovgivinga og pliktene i det europeiske tilsynssamarbeidet. Finanstilsynet vurderer det likevel slik at det kan bli vanskeleg å halde oppe eit forsvarleg nivå på tilsynsverksemda i tida framover utan meir midlar til å tilsetje fleire medarbeidarar og til å gjennomføre IKT-investeringar.

Finanstilsynslova er frå 1956. I den tida lova har verka, har finansmarknadene, finansmarknadslovgivinga og tilsynsverksemda endra seg vesentleg. Særleg har lovgivinga og tilsynssamarbeidet i EØS hatt stor innverknad på verksemda til Finanstilsynet. Pliktene og verkemidla til tilsynet er i stor grad dekte av den nye finansmarknadslovgivinga, der EØS-retten mellom anna stiller krav til verksemda og sjølvstendet til tilsynsmyndigheita. Tida er derfor moden for å revidere finanstilsynslova og tilpasse henne til dei nye rammevilkåra for tilsynsverksemda. I januar 2020 foreslo derfor Finanstilsynet for Finansdepartementet at det skal setjast ned eit utval som skal gå gjennom lova.


Oslo, 18. februar 2021



Finn Arnesen
styreleder



Morten Baltzersen
finanstilsynsdirektør



INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Rolla og oppgåvene til Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndigheitsorgan som arbeider med grunnlag i lover og vedtak frå Stortinget, regjeringa og Finansdepartementet. Finanstilsynet deltek òg i eit omfattande internasjonalt samarbeid. Gjennom EØS-avtalen blir finansmarknadsregelverket til EU gjennomført i norsk rett.

Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp slik dei skal.

Finanstilsynet kontrollerer korleis føretaka driv verksemda i finansmarknaden, om dei er solide og kan tole skiftande økonomiske forhold, og om dei har eit akseptabelt risikonivå.

Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål etter finanstilsynslova § 3:

«Tilsynet skal se til at de foretak det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for foretakenes opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at foretakene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter»

Strategi

Finanstilsynet gjennomgår kvart fjerde år strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpande prioritering og styring av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Tilsynet vedtok ein ny strategi for perioden 2019–2022 som blei fastsett av styret til Finanstilsynet 18. desember 2018.

Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Delmål 2019–2022

I strategien for 2019–2022 er det formulert seks delmål, slik at ein lettare kan operasjonalisere hovudmåla og evaluere verksemda. Delmåla er nytta i rapporteringa av måloppnåing i 2020, sjå omtale i kapittel III. Delmåla er:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investorvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering
6. Kampen mot kriminalitet

Verkemiddel

Verksemda til Finanstilsynet er omfattande, og ulike verkemiddel bidreg til å oppfylle måla til tilsynet. Verkemidla blir nytta enkeltvis eller i kombinasjon, og dei kan delast inn i fire hovudgrupper:

- Tilsyn, overvaking og kontroll
- Forvaltning
- Regelverksutvikling
- Informasjon og kommunikasjon

Leiing

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret har fem medlemmer, to varamedlemmer og to tilsettere representantar. Medlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Varamedlemmene deltek fast på styremøta. Dei to tilsettere representantane er valde av og blant dei tilsette, og dei deltek i styrebehandlinga av administrative saker. I tillegg deltek éin observatør frå Noregs Bank, som òg er oppnemnd av Finansdepartementet. Frå 1. mars 2018 er Finn Arnesen styreleiar i Finanstilsynet.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som blir oppnemnd for eit åremål på seks år om gongen. Morten Baltzersen har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011, og han tok til på det andre åremålet i august 2017. Finanstilsynet si leiargruppe består av finanstilsynsdirektøren, avdelingsdirektørane for tilsyns-avdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.

Styresamansetnaden frå 1. mars 2018:

Finn Arnesen

leiar

professor ved Nordisk institutt for sjørett,
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

professor ved Institutt for privatrett,
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Mette Bjørndal

styremedlem

professor ved Institutt for føretaksøkonomi,
Noregs Handelshøgskole

Kjetil Wibe

styremedlem

advokat ved Advokatene Rege & Wibe

Arne Skauge

styremedlem

pensjonist, tidlegare administrerende direktør
i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

Thorunn Falkanger

første varamedlem

førstelektor ved Institutt for rettsvitenskap og styring,
Handelshøgskolen BI

Bjørn Arild Gram

andre varamedlem

styreleiar i KS

Sindre Weme

observatør

direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Ylva Søvik

varaobservatør

assisterende direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Dei to representantane for dei tilsette var frå 26. mars
2019:

Marit Skjevling, tilsynsrådgivar

Eirik Ihlen, senior tilsynsrådgivar

Vararepresentantar var tilsynsrådgivar **Elise Ødegård**,
rådgivar **Jim Signor Grimnes** (fram til 24. oktober 2020)
og seniorrådgivar **Alfred Ødegård**.

I 2020 hadde styret elleve ordinære styremøte og
eitt ekstraordinært møte. Styret avgjorde
29 administrative saker og 58 fagsaker. I tillegg
fekk styret 23 administrative saker og 37 fagsaker til
skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering
om aktuelle saker.

Leiargruppa i Finanstilsynet

Morten Baltzersen

finanstilsynsdirektør

Ann Viljugrein

direktør for bank- og forsikringstilsyn

Anne Merethe Bellamy

direktør for marknadstilsyn

Per Mathis Kongsrud

direktør for digitalisering og analyse

Cecilie Ask

juridisk direktør

Nina Moss

administrasjonsdirektør

(frå 1. juli 2020)

Lisbeth Strand

kommunikasjonsdirektør

Fram til 1. juli 2020 var **Gun Margareth Moy** administrasjonsdirektør.

Konsesjonspliktige føretak under tilsyn

- bankar
- finansieringsføretak
- kredittføretak
- sparebank- og finansstiftingar
- gjeldsinformasjonsføretak
- betalingsføretak
- e-pengeføretak
- opplysningsfullmektigar
- forsikringsføretak
- forsikringsformidlarar
- pensjonsføretak
- regulerte marknader (inkl. børsar)
- sentrale motpartar
- verdipapirsentralar
- verdipapirføretak
- forvaltningsselskap for verdipapirfond
- forvaltarar av alternative investeringsfond
- revisorar og revisjonsselskap
- rekneskapsførarar og rekneskapsførarselskap
- eigedomsmeklarar og eigedomsmeklingsføretak
- inkassoføretak
- administratorar av referanseverdiar

Enkelte andre tilsynsoppgåver

- krisehandteringsmyndigheit
- makrotilsyn og -regulering
- kontroll med prospekt
– omsettelege verdipapir
- kontroll av finansiell rapportering frå noterte føretak
- tilsyn med handel og marknadsåtfærd i verdipapirmarknaden
- tilsyn med ulike sider av derivatmarknaden
- tilsyn med administratorar av referanseverdiar
- tilsyn med låneformidlingsføretak
- tilsyn med IKT og system for betalingstenester og finansiell infrastruktur
- etterleving av kvitvaskingsregelverket for mellom anna tilbydarar av verksemdstenester og tilbydarar av vekslings- og oppbevarings-tenester for virtuell valuta, i tillegg til føretak under tilsyn

Personale og organisasjon

Finanstilsynet hadde ei utskifting på 7,3 prosent i 2020, ned frå 8,3 prosent i 2019. Tilsynet har hatt rekrutteringsvekst i fleire år og lyste i 2020 ut 45 stillingar. Fleire av stillingane er blitt lyste ut fleire gonger. Finanstilsynet profilerer seg overfor målgruppene det rekrutterer frå, og nyttar alternative rekrutteringsmetodar for at organisasjonen skal kunne skaffe seg den rette kompetansen. På enkelte fagområde har det vore vanskeleg å rekruttere kvalifisert kompetanse.

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsynsområda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar.

Lønna til direktøren var 1 730 000 kroner ved utgangen av 2020. Fast årleg honorar til styreleiaren var 288 800 kroner, til nestleiaren 195 100 kroner og til styremedlemmene 169 000 kroner. Til første varamedlem var honoraret 142 200 kroner, og til andre varamedlem var det 119 200 kroner.

Fakta

Finanstilsynet hadde 308 faste stillingar ved utgangen av 2020, mot 305 eitt år tidlegare. Talet på tilsette i Finanstilsynet ved utgangen av 2020 var 323, mot 320 ved utgangen av 2019. Dette inkluderer korttidsengasjement/timelønna (inkludert studentar). Talet på avtalte årsverk var 297 ved utgangen av 2020, mot 292 i 2019. Avtalte årsverk er berekna ut frå talet på arbeidsavtalar totalt. Fråvær er ikkje trekt frå. Talet på utførte årsverk var 292 ved utgangen av 2020, mot 279 i 2019. Her er fråvær trekt frå, og overtid/ekstratimar er inkludert. Kjønnfordelinga i tilsynet var 49 prosent menn og 51 prosent kvinner per 31. desember 2020. Ved utgangen av 2020 var det fem kvinner og to menn i leiargruppa. Blant seksjonssjefane var fordelinga 50 prosent menn og 50 prosent kvinner.

Tabell 1: Tal på årsverk


Kjelde: SAP

	Utførte årsverk	Avtalte årsverk
Administrasjonsavdelinga	27,0	29,1
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	90,0	91,3
Avdeling for digitalisering og analyse	64,4	65,5
Avdeling for marknadstilsyn	97,2	97,1
Kommunikasjonsstaben	7,5	8,0
Finanstilsynsdirektøren m/stab	5,9	5,8
Totalt	292,1	296,8

Alderssamansetnad

Figur 1: Alderssamansetnaden i Finanstilsynet

Kilde: Finanstilsynet/SAP



Tabell 2: Alderssamansetnad fordelt på avdelingane (i prosent)

Kjelde: SAP


Avdeling	29 år og under	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60 år og over
Administrasjonsavdelinga	-	24	21	38	17
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	11	21	18	28	22
Avdeling for digitalisering og analyse	13	20	20	35	13
Avdeling for marknadstilsyn	17	14	42	19	8
Kommunikasjonsstaben	-	-	38	50	13
Finanstilsynsdirektøren m/stab	-	-	17	33	50
Alderssamansetnaden totalt i Finanstilsynet	12	18	27	28	15

Figuren viser alderssamansetnaden blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels tilsette, åremål og engasjement – uavhengig av stillingsprosent.

Kjønnsamansetnad

Figur 2: Kjønnsamansetnad i Finanstilsynet

Kilde: Finanstilsynet/SAP



Tabell 3: Kjønnsamansetnad fordelt på avdelingane (i prosent)

Kjelde: SAP

Avdeling	Kvinner	Menn
Administrasjonsavdelinga	79	21
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	51	49
Avdeling for digitalisering og analyse	38	62
Avdeling for marknadstilsyn	53	47
Kommunikasjonsstaben	38	63
Finanstilsynsdirektøren m/stab	50	50
Kjønnsamansetnaden totalt i Finanstilsynet	51	49

Figuren viser aldersamansetnaden blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels tilsette, åremål og engasjement – uavhengig av stillingsprosent.

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg for å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale føringar og eigne behov. Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og

leiarar. Finanstilsynet legg òg vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda.

Direktørane i Finanstilsynet gjennomførte ei såkalla 360-gradarsevaluering i 2019, og det var ei tilsvarande evaluering av seksjonssjefane på nyåret 2020. Det blei òg gjennomført medarbeidarsamtalar for alle tilsette og ei medarbeidarundersøking i 2020.

Inkluderingsdugnaden

Finanstilsynet arbeidde i 2020 aktivt med å auke bevisstheita om målsetjingane i inkluderingsdugnaden. Finanstilsynet deltok gjennom året i dei sentralt initierte prosjekta «Blind rekruttering» og «Inkluderingsdugnaden», der hensikta er å nå målet om at talet på tilsette med manglar i CV-en eller nedsett funksjonsevne skal vere 5 prosent av det samla talet på nytilsette. Utlysingstekstane oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til søkje på stillingar i Finanstilsynet, uansett alder, kjønn, funksjonsevne, etnisk bakgrunn eller hol i CV-en.

I 2020 var det få søkjarar som oppgav å ha nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og det blei ikkje tilsett kandidatar med hol i CV-en eller kandidatar med nedsett funksjonsevne. Ei mellombels stilling blei tilbydd til ein kandidat med hol i CV-en, men kandidaten takka nei til stillinga. I 2019 tilsette tilsynet to kandidatar med hol i CV-en: éin i ei fast stilling og éin i ei mellombels administrativ stilling.

Finanstilsynet legg òg vekt på å leggje forholda til rette slik at tilsette som har eller får nedsett funksjonsevne, kan halde fram med å arbeide, til dømes i deltidstillingar og/eller gjennom endra arbeidsoppgåver. Det er fleire medarbeidarar som har reduserte stillingar i kombinasjon med delvis uførepensjon, og tilsynet legg vekt på individuelle tiltak for å behalde desse i arbeid. Finanstilsynet har òg nytta seg av tiltak som mellom anna lønnstilskot og IA-praksis plass.

Sjukefråvær


Sjukefråværet held seg lågt og var på 3 prosent i 2020, mot 4,9 prosent i 2019. Finanstilsynet har over fleire år hatt eit mål om maks 3,5 prosent sjukefråvær for verksemda. Dette målet blei dermed nådd for 2020. Finanstilsynet er ei IA-verksemd og følgjer opp langtids- sjukmelde og set om nødvendig inn tiltak mot hyppig korttidsfråvær.

Tabell 4: Hovudtal frå årsrekneskapen

	2019	2020
Tal på utførte årsverk	279	292
Samla tildeling (post 01–99)	kr 448 985 000	kr 467 639 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	97,68 %	97,51 %
Sum utbetalingar til drift	kr 426 821 082	kr 438 087 619
Lønnsdel av utbetalingar til drift	73,36 %	77,1 %
Lønnsutgifter per utførte årsverk	kr 1 122 242	kr 1 156 734

«Lønnsutgifter per årsverk» er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter og andre ytingar som velferd, personforsikringar o.a. Før summen blir delt på årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn, trekte frå. Sjå òg note 2: Utbetalingar til lønn, på side 52, i kapittel VI Årsrekneskap.

Figur 3: Dokumentbehandling



Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet gjekk opp med 5248 frå 2019 til 2020.

Figur 2 viser talet på dokument per tilsynsområde. Det var ein auke på alle områda med unntak av eigedoms-mekling og inkasso, som var på same nivå som året før. Årsaka til auken er mellom anna at koronapandemien har gjort det nødvendig med ekstraordinære rapporteringar til tilsynet. I løpet av 2020 var det fleire dokumentbaserte tilsyn, noko som òg gav ein auke i talet på dokument. Auken på finans- og forsikringsområdet skriv seg i tillegg frå at det gjennom året var auka rapportering og oppfølging mot føretak i samband med det reviderte betalingsdirektivet (PSD 2), og fleire konsesjons- og forvaltningssaker for føretakstypene betalingsføretak, tilbydarar av tenester innan virtuell valuta og i nokon grad e-pengeføretak. Auken på administrasjonsområdet kjem av mange søknader på utlyste stillingar.

Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2020 fekk Finanstilsynet førespurnad om innsyn i til saman 3777 dokument. Det var ein nedgang frå 4113 dokument i 2019. 1891 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unntekne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

Kommunikasjon

Finanstilsynet har mange ansvarsområde som er regulerte av omfattande regelverk og med komplekse saksforhold som krev tydeleg og konsekvent formidling frå tilsynet. Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekkje mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men òg mot ulike myndigheiter, media og allmenta.

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og eit godt samarbeid med andre myndigheiter i Noreg og i EØS-landa, og med ulike bransje- og interesseorganisasjonar. Tilsynet har òg faste møte med dei største føretaka under tilsyn. Finanstilsynet gjennomfører brukarundersøkingar hos føretak under tilsyn med jamne mellomrom, og årlege omdømmemålingar hos allmenta.

Mediedekning

Mediedekninga av Finanstilsynet var i 2020 prega av koronapandemien. Dekninga på våren var prega av korleis Finanstilsynet og finansføretaka handterte krisa. Særleg mykje merksemd fekk dei halvårlege analysane *Finansielt utsyn*. Mykje merksemd fekk òg Finanstilsynet sitt forslag om at bankar og forsikringsføretak skulle halde tilbake utbytte og anna utdeling av kapital. På hausten fekk forslaget om ny forskrift for utlån svært mykje merksemd. Bustadlånundersøkinga hausten 2020, kartlegginga av noterte føretak si rapportering av berekraft og rundskrivet om engasjement som skal klassifiserast som høgrisiko, blei òg dekte. Medieovervakingsselskapet M-Brain registrerte 4633 oppslag der Finanstilsynet var nemnt, mot 6090 oppslag i 2019. Finanstilsynet arrangerte fire pressekonferansar i 2020, som òg blei overførte på nett-TV.

Tabell 5: Oversikt over føretak under tilsyn per 31. desember 2020

	2016	2017	2018	2019	2020
Bankar	125	126	126	122	118
Finansieringsføretak	25	24	28	30	28
Kredittføretak	34	33	33	32	31
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	18	18	12	16	16
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og andre kredittinstitusjonar	39	39	35	32	34
Sparebank- og finansstiftingar	30	33	33	34	34
Betalingsføretak	15	19	16	15	30
E-pengeføretak	6	7	6	6	6
Vekslings- og oppbevaringsteneste for virtuell valuta ¹				6	10
Låneformidlingsføretak ²	3	5	11	13	11
Opplysningsfullmektigar ³				0	0
Livsforsikringsføretak	13	12	12	11	12
Skadeforsikringsføretak, inkl. brannkassar	59	58	56	55	52
Sjøtrygdslag	6	6	5	5	5
Filialar i utlandet av norske forsikringsføretak	13	13	8	15	14
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	29	29	28	29	30
Forsikringsformidlingsføretak ⁴	107	107	101	112	107
Private pensjonskassar	48	47	50	50	49
Kommunale pensjonskassar	39	37	37	37	35
Innskotspensjonsføretak	1	1	1	1	1
Pensjonsfond	4	1	1	1	1
Holdingsføretak	17	13	15	15	11
Verdipapirføretak	107	106	96	101	97
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	19	19	22	23	16
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	31	29	29	29	29
Forvaltarar av alternative investeringsfond	35	37	40	40	47
Registrerte forvaltarar av alternative investeringsfond	67	110	107	128	159
Sentrale motpartar (tidlegare oppgjersentralar) ⁵	4	–	–	–	–
Verdipapirsentralar	1	1	1	1	1
Regulerte marknader, inkl. børsar	5	5	5	5	5
Administrator av finansielle referanseverdiar ⁶		1	1	1	1
Revisorar	7 570	7 807	7 933	8 128	8 365
Revisjonsselskap	488	447	447	458	461
Rekneskapsførarar	11 185	11 350	11 606	11 626	11 854
Rekneskapsførarselskap	2 785	2 827	2 772	2 715	2 728
Eigedomsmeklarføretak	503	510	506	504	527
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 164	1 160	1 056	951	880
Framandinkassoføretak	103	99	101	93	90
Oppkjøpsføretak – inkasso	3	7	8	4	5
Gjeldsinformasjonsføretak ⁷				3	3

¹ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

² Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2016.

³ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

⁴ Forsikringsagentføretak som distribuerer forsikringar berre for forsikringsføretak med kontorstad i Noreg, er ikkje inkluderte i denne oversikta. Aksessoriske forsikringsagentar, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, er heller ikkje inkluderte.

⁵ Etter ei endring i verdipapirhandellova 1. juli 2017 og med innføringa av den europeiske marknadsinfrastruktur-forordninga (EMIR) er ikkje lenger utanlandske sentrale motpartar under tilsyn av Finanstilsynet. Sentrale motpartar kan likevel halde fram med å drive verksemd i Noreg i kraft av å ha løyve etter EMIR frå myndigheita i heimlandet.

⁶ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2017.

⁷ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

Finanstilsynet hadde ved utgangen av 2020 i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 285 noterte føretak og tilsyn med 415 verdipapirfond.

Tabell 6: Stadlege tilsyn fordelt på føretakstypar – inkludert IT-tilsyn

	2016	2017	2018	2019	2020
Bank og finans ¹	53	42	35	64	35
Betalingsføretak og e-pengeføretak	3	–	2	2	0
Livsforsikringsføretak	4	7	4	3	2
Skadeforsikringsføretak	8	9	6	4	6
Forsikringsformidlingsføretak	3	5	1	3	1
Pensjonskassar og -fond	2	3	1	4	2
Verdipapirføretak	8	12	14	13	8
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	2	–	2	3	4
Infrastrukturføretak og handelsplassar	4	3	4	4	1
Revisorar	32	41	16	13	19
Rekneskapsførarar	40	57	63	47	28
Eigedomsmeklarar	29	25	21	16	12
Inkassoføretak	7	6	4	0	6
Gjeldsinformasjonsføretak ²				0	0
Vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta ³					4

¹ Det låge talet på tilsyn i kategorien «Bank og finans» i 2018 skriv seg mellom anna frå at tematilsyn som blei førebudde hausten 2018, først blei gjennomførte tidleg i 2019, og at Finanstilsynet hadde færre tilsyn enn i 2017 med føretak som nyttar interne modellar (IRB) for å berekne kapitalkrav for kredittrisiko for hovuddelen av utlånsporteføljane sine.


² Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

³ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

Finanstilsynet sin organisasjon

Oppdatert per 31.12.2020





ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Verksemda til Finanstilsynet blei i 2020 sterkt prega av koronakrisa. Pandemien utløyste stor uvisse i real-økonomien og finansmarknadene, og risikobiletet for føretaka endra seg raskt. Finanstilsynet var i tett dialog med næringa i perioden etter at samfunnet blei nedstengt i mars, og det blei innført ekstraordinær rapportering for fleire føretaksgrupper. I mars blei det mellom anna sett i verk ad hoc-rapportering og -oppfølging på likviditetsrisikoområdet og rapportering av kontinuitetsberedskap og -tiltak i eit utval føretak. På kredittområdet blei det sett i gang ekstraordinær rapportering frå mai. Den interne overvakinga av enkeltføretak og marknader blei intensivert. Terskelen for å rapportere shortposisjonar blei redusert etter vedtak av Den europeiske verdipapir- og marknadstilsynsmyndigheita (ESMA), noko som medførte systemendringar og mykje meir rapportering. Finanstilsynet utarbeidde daglege rapportar med marknadsoppdateringar gjennom våren og fram til sommaren som følgje av koronapandemien, og deretter kvar veke.

Dei direkte negative verknadene på den økonomiske aktiviteten og den store uvisse innebar ein stor tapsrisiko for finansføretaka. Derfor var det viktig med tiltak for å sikre soliditet og likviditet blant føretaka, slik at tilgangen til lån og andre finansielle tenester blei halden oppe. Finanstilsynet tok raskt fleire initiativ for å bidra til at føretaka heldt tilbake eigenkapital, i tråd med tilrådingar frå dei felles europeiske tilsynsmyndigheitene.

Finanstilsynet har hatt tett kontakt med Finansdepartementet, Noregs Bank og andre

myndigheitsorgan gjennom pandemien. Finanstilsynet blei valt som koordinerande forvaltingsorgan og måtte raskt peike ut samfunnskritiske verksemdar i finanssektoren, slik at personell med samfunnskritiske funksjonar kunne utføre oppgåvene sine gjennom pandemien.

Finanstilsynet har rapportert hyppig om situasjonen i marknaden og om handteringa av koronapandemien til Finansdepartementet og andre offentlege myndigheiter. I starten av pandemien blei det rapportert dagleg til Finansdepartementet. Etter kvart gjekk rapporteringsfrekvensen over til vekesrapportar i tillegg til ad hoc-rapportar om ulike tema.

Det var eit intensivt og løpande samarbeid med andre tilsynsmyndigheiter, særleg dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene for bank-, forsikrings- og verdipapirområdet (EBA, ESMA og EIOPA) i 2020, med hyppige digitale møte for å koordinere handteringa av koronapandemien i finanssektoren. Pandemien førte til at desse tre og Det europeiske rådet for systemrisiko (ESRB) oppretta fleire undergrupper. Desse hadde hyppige møte og rapporterte jamleg til styra i EBA, ESMA, EIOPA og ESRB. Det var òg hyppigare møte i tilsynskollegia.

Finanstilsynet brukte mykje meir tid på internasjonale møte enn planlagt, sjølv om desse ikkje kunne gjennomførast fysisk.

Rapportering av måloppnåing

Samfunnsoppdraget og hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. I Finanstilsynet sin strategi for 2019–2022 er det formulert seks strategiske delmål. Rapporteringa av måloppnåinga er systematisert etter desse delmåla.

Verksemdsplanen og resultatmåla for 2020 blei fastsette før koronapandemien braut ut. Føresetnadene for å nå måla endra seg raskt, og koronapandemien medførte behov for omprioriteringar.

Etter kvart som pandemien har drege ut i tid, har Finanstilsynet måtta justere resultatmåla og omprioritere aktivitetar for å kunne følgje opp konsekvensane for finanssektoren og tilsynet si eiga verksemd best mogleg og samtidig gjennomføre dei planlagde og løpande tilsynsaktivitetane i så stor grad som mogleg.

Det har vore utfordrande å halde oppe aktivitetsnivået med medarbeidarane på heimekontor og lågare bemanning på grunn av stengde barnehagar og skular, og med dei generelle smitteverntiltaka i samfunnet. Det er gjennomført færre tilsyn enn planlagt. Vidare har ei rekkje enkeltsaker og utgreiingsoppgåver kravd meir ressursar enn venta.

Oppfølging av koronapandemien har òg medført omprioriteringar i planlagde utviklingsoppgåver. Sjølv om dei fleste planlagde oppgåver er blitt gjennomførte, har vi måtta utsetje noko planlagt arbeid med å effektivisere saksbehandling og tilsynsmetodar og med å utvikle tilsynsmodular og modellar. Sjå kapittel IV og omtalen *Effektivisering og digitalisering*.

Samtidig som store ressursar blei bundne opp i konsekvensane av pandemien, gjekk det mykje ressursar til utgreiingar og til regelverksarbeid for Finansdepartementet. Omfattande utgreiingsarbeid og regelverksutvikling reduserer tilsynskapasiteten til Finanstilsynet.

Delmål 1 Solide og likvide finansføretak

Solide og likvide finansføretak er ein føresetnad for stabiliteten i det finansielle systemet. Føretaka må vere i stand til å oppfylle pliktene sine overfor kundane og halde i gang viktige samfunnsfunksjonar. Finanstilsynet vurderer risikoen for ustabilitet i det finansielle systemet og bruker verkemiddel for å redusere systemrisiko basert på informasjon frå tilsyn med enkeltføretak og den makroøkonomiske overvakinga. Gjennom konsesjonskrav, kapital- og likviditetskrav og løpande tilsyn bidreg Finanstilsynet til at føretaka har god soliditet og robust finansiering, eigna leiing og fullgod risiko- og verksemdsstyring. I tillegg gir Finanstilsynet råd til politiske myndigheiter om soliditets- og likviditetskrav og andre tiltak som bidreg til å redusere risikoen i det finansielle systemet.

Koronapandemien har medført enkelte tilpassingar på det regulatoriske området og behov for forsterka rapportering på ulike risikoområde. Bankane fekk mellombels ytterlegare utvida tilgang til å yte lån som avvik frå bustadlånforskrifta. Finanstilsynet foreslo ei forskrift om at finansføretaka inntil vidare ikkje skulle ha tilgang til å betale utbytte og anna utdeling av eigenkapital. Finansdepartementet fastsette inga forskrift, men uttalte at det la til grunn at bankane ikkje betalte ut utbytte i 2020. Fleire bankar betalte likevel ut utbytte i 2020.

For å kunne følgje bankane tettare innførte Finanstilsynet ekstraordinær rapportering på likviditets- og kredittområdet og rapportering knytt til operasjonell kontinuitet. Denne rapporteringa kom i tillegg til Finanstilsynet si løpande overvaking av utviklinga i finansnæringa, marknadene og realøkonomien. Tilsynet utarbeider regelmessig analysar av soliditets- og likviditetssituasjonen i bankar og kredittføretak og av resultatutviklinga i finansieringsføretak, kredittføretak, enkeltbankar og den samla banksektoren. Offentlege versjonar av analysane er tilgjengelege på nettstaden til Finanstilsynet.

Finanstilsynet meiner at tilsynet har bidrege til solide og likvide finansføretak gjennom tiltaka og aktivitetane som blei gjennomførte i 2020. Koronapandemien førte til svakare resultat i norske bankar i 2020, men alle bankane tilfredsstillar dei gjeldande kapitalkrava. Kraftige finans- og pengepolitiske tiltak har bidrege til å avgrense den negative verknaden pandemien har hatt på norsk økonomi i 2020, og dermed utlånstapa for bankane, som kunne halde oppe ei relativt god lønnsemd. Det er likevel framleis stor uvisse om utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene, og dermed taprisiko.

Finanstilsynet følgjer løpande opp likviditetssituasjonen til finansføretaka, mellom anna korleis dei rettar seg etter minstekravet til likviditetsbuffer og andre likviditets- og

finansieringsindikatorar. Føretaka sine eigne vurderingar av likviditets- og finansieringsrisikoen blir òg gjennomgått i samband med tilsynsvurderinga av risiko og kapitalbehov og i samband med stadlege tilsyn.

For å bidra til solide og likvide finansføretak har Finanstilsynet i 2020 mellom anna

- hatt tilsyn knytt til soliditeten, likviditeten og risikohandteringa i føretaka. På grunn av koronapandemien blei det gjennomført færre tilsyn enn planlagt, og dei fleste stadlege tilsyna er gjennomførte digitalt.
- følgd opp tilrådingar frå EBA og EIOPA om utbyttebetalingar i finansføretak og gitt råd til Finansdepartementet om korleis ESRB-tilrådinga om dette skal følgjast opp
- pålagt føretaka ekstraordinær rapportering som følgje av koronapandemien
- gått gjennom og vurdert modellane i fire bankar som har eigne modellar for å berekne kapitalkrav (IRB)
- avslutta tematisyn om praktiseringa av IFRS 9 i utvalde bankar
- gjort soliditets- og likviditetsvurderingar (SREP) og fatta pilar 2-vedtak¹ for 17 føretak i 2020, der ti av vedtaka blei gjorde på bakgrunn av foreløpig SREP-vurdering i 2019
- gjennomgått soliditetsrapporteringa til forsikringsføretaka etter Solvens II og føretaka si eigenvurdering av risiko og solvens (ORSA – Own risk and solvency assessment)
- begynt på ei ny undersøking av nivået på forsikringstekniske avsetningar i livsforsikringsføretak

¹ Finanstilsynet fastset individuelle kapitalkrav for føretaka. Dei blir kalla pilar 2-krav. Pilar 2-krava dekkjer risikoforhold som ikkje, eller berre delvis, er dekte av dei regulatoriske krava i pilar 1.

- arbeid med eit rammeverk for tilsyn med forsikringstekniske avsetningar for skadeforsikring der ein mellom anna foreslår nøkkeltal som kan nyttast i løpande overvaking
- analysert pristariffar knytte til eittårige supplerande uførepensjonsdekningar i kollektive pensjonsordningar
- hatt tettare oppfølging av pensjonsføretak som følgje av nye kapitalkrav for pensjonskassar
- inkludert oppfølginga av berekraft og klimarisiko i tilsynsverksemda på alle relevante område. Sjå omtale på side 36 og temarapport på nettstaden til Finanstilsynet.

Finanstilsynet bidreg òg til solide og likvide finansføretak gjennom regelverksutvikling. I 2020 leidde Finanstilsynet, på oppdrag frå Finansdepartementet, ei arbeidsgruppe som skulle foreslå norsk gjennomføring av endringar i EU si såkalla bankpakke 2 (gjennomføring av BRRD2, CRR2, CRD V). Det kravde stor ressursbruk og gjekk ut over andre planlagde tilsynsoppgåver.

Finansdepartementet har delegert kompetanse til Finanstilsynet til å gjennomføre kommisjonsdelegerte rettsakter (nivå 2-regelverk). Det omfattar ei stor mengd forordningar. Også dette er ressurskrevjande oppgåver som går ut over tilsynsoppgåver.

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Tilsyn i bankar, kredittføretak og finansieringsføretak			
a) ordinære stadlege tilsyn	29	21	24
b) dokumentbaserte tilsyn	2	0	2
c) IRB-tilsyn	10	4	9
Gjennomførte SREP	67	17	20
Tilsyn med forsikrings- og pensjonsføretak:			
a) ordinære stadlege tilsyn	13–15	11 (6 av dei i skadeforsikringsføretak, 2 i livsforsikringsføretak, 2 i pensjonsføretak og 1 i agentføretak)	11
b) dokumentbaserte tilsyn	6	1 (analysert livsforsikringsføretaka sine pristariffar knytte til eittårige supplerande uførepensjonsdekningar i kollektive ordningar)	

Delmål 2 Robust infrastruktur

Robust finansiell infrastruktur er ein avgjerande føresetnad for fullgode system for betalingar, handel, prissetjing og oppgjør i finansmarknaden. Svikt i infrastrukturen kan raskt føre til omfattande stans i kritiske tenester og kan dermed få alvorlege konsekvensar for samfunnet.

Låg risiko for systemsvikt og god beredskap for rask gjenoppbygging ved svikt er derfor svært viktig. Gjennom konsesjonskrav og tilsyn med finansføretak, verdipapirføretak og infrastrukturføretak bidreg Finanstilsynet til at føretaka har god nok styring av og kontroll med IKT-risiko og annan operasjonell risiko.

Under koronapandemien har Finanstilsynet hatt meir merksemd på infrastrukturen i marknaden og på den auka risikoen pandemien har medført for både infrastrukturen og føretaka i finansmarknaden. Overvaking av potensielle truslar mot IT-systema til verksemdar har vore ei prioritert oppgåve, og det har vore løpande samarbeid med ulike myndigheitsorgan for å vareta tryggleiken i den finansielle infrastrukturen.

Finanstilsynet meiner at tilsynet har utført desse oppgåvene på ein tilfredsstillande måte og dermed bidrege til ein robust infrastruktur, trass i at det blei gjennomført færre tilsyn i 2020 enn planlagt. Det blei rapportert fleire IKT-hendingar i 2020 enn i 2019, men det blei ikkje observert spesielle avvik i betalingsystemdrifta som følge av krisa.

For å bidra til ein robust infrastruktur har Finanstilsynet i 2020 mellom anna

- avslått søknad frå Verdipapirsentralen om utdeling av utbytte på grunn av den ekstraordinære situasjonen og uvisse om utviklinga i norsk økonomi og i finansmarknadene
- følgd opp den igangverande integreringa av Oslo Børs i Euronext-konsernet
- gitt løyve til Oslo Børs til å skifte til handelssystemet Optiq og hatt tett oppfølging av prosjektet med vekt på forsvarleg drift og tilfredsstillande reserveløysingar
- begynt å behandle søknaden frå Verdipapirsentralen om løyve etter ny verdipapirregisterlov
- delteke i tilsynskollegium for handelsplassar og sentrale motpartar, der Euronext-kollegiet for Oslo Børs og Verdipapirsentralen er spesielt ressurskrevjande
- vurdert ordninga med tilgang til mellombels opptak av handel på Euronext Growth (Mercur Market) for aksjar som var noterte på Oslo Børs eller Euronext Expand

- utarbeidd rapport frå stadleg tilsyn hos Fish Pool ASA
- utarbeidd rapport frå IKT-tilsyn med Nasdaq
- gjennomført IKT-tilsyn med DNB-filialen i London
- gjennom tilsyn, overvaking og kontroll følgd opp den operasjonelle risikoen i betalingsystem, oppgjerssystem og IKT-systema til føretaka innanfor alle tilsynsområda
- vurdert løpande meldingar om IKT-hendingar og gjennomført særskilde oppfølgingsmøte ved fire hendingar
- hatt beredskap for å handtere digital sårbarheit og sikkerheitshendingar og følgd utviklinga innanfor digital kriminalitet
- følgd opp bankane sitt arbeid med å etablere grensesnitt for tredjepartar sin betalingskontotilgang og søknader om fritak frå kravet om reserveløysing
- følgd opp at utferdarar (og innløysarar) av betalingskort (og føretak) som driv netthandel, hadde ferdigstilt, testa og sett i verk sterk kundeautentisering
- gjennomført svindelrapportering for andre halvår 2019 og første halvår 2020 etter nytt regelverk, med rapportering til EBA
- behandla ca. 250 meldingar om utkontraktering av IKT
- hatt møte med Bits, Vipps/BankAxept og enkelte bankar i samband med etablering av løysing for kontantar i butikk (KiB)
- følgd opp meldingar frå bankane i samband med at Nets selde delar av verksemda til Mastercard
- gjennomført ei undersøking om korleis bankane har tilpassa seg til reglane om beredskap for auka etterspurnad etter kontantar, jf. omtale i Finansmarkedsmeldinga 2020
- utarbeidd ei rettleiing til inkassoføretaka om hendingrapporteringsplikta etter IKT-forskrifta

- fulgt utviklinga av ny finansiell teknologi (fintech) i finansmarknaden, gitt rettleiing til nye teknologi-baserte aktørar i finansmarknadene og slutført arbeidet med dei to prosjekta som blei tekne opp i første pulje i Finanstilsynet si regulatoriske sandkasse for fintech-verksemder (Sjå omtale på side 37.)
- publisert *Risiko- og sårbarhetsanalyse 2020*, om bruk av informasjons- og kommunikasjons-teknologi (IKT) i finanssektoren

I tillegg til dei faste møta i beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI) blei det som følgje av koronapandemien halde ei rekkje møte med informasjonsutveksling om tiltak og forhold i føretaka som kunne resultere i forstyringar i den finansielle infrastrukturen eller påverke den finansielle stabiliteten. Ein har vore særleg merksam på samfunnskritiske verksemder og funksjonar. Det blei ikkje halde noka eiga BFI-øving i 2020 ettersom denne øvinga skulle inngå i den sivile nasjonale øvinga Digital 2020, som blei nedskalert som følgje av

pandemien. Utfordringane i samband med vektarstreiken og moglege konsekvensar for kontanttenestene blei òg følgde opp gjennom BFI.

Det blei halde regelmessige møte med Nordic Financial CERT (NFCERT) om trusselbiletet og samhandling i samband med at Finanstilsynet har rolla som sektorvist responsmiljø (SRM). Det blei òg gjennomført ei mindre øving knytt til samhandlinga med NFCERT.

Finanstilsynet og Noregs Bank starta i 2020 eit samarbeid om å etablere eit rammeverk for sikkerheitstesting for finansnæringa i Noreg. Rammeverket er basert på det europeiske TIBER-rammeverket (Threat Intelligence-based Ethical Red Teaming).

Finanstilsynet blei i 2019 partner ved Nasjonalt cybersikkerheitssenter (NCSC) og deltok i 2020 på faste statusmøte ved NCSC der statusrapporten for det nasjonale digitale trusselbiletet blir gjennomgått.

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka	34 tilsyn som skal omfatte IKT innanfor alle tilsynsområde.	Det blei gjennomført 18 tilsyn som omfatta IKT. Av desse 18 tilsyna var det 5 i bankar, 3 i forsikringsføretak, 4 i verdipapirføretak, 2 i inkassoføretak, 1 i eigeidomsmeklarføretak, 2 i revisjonsselskap og 1 i rekneskapsførarføretak.	24 tilsyn (11 i bankar, 1 i forsikringsføretak, 7 på infrastruktur- og verdipapirområdet, 1 i betalingsføretak, 2 i eigeidomsmeklaringsføretak og 2 i revisjonsselskap)
IKT-hendingar som er følgde opp	Alle (vesentlege) hendingar skal følgjast opp.	Det er rapportert om 207 hendingar til saman: 187 operasjonelle hendingar og 20 sikkerheitshendingar. Det blei gjennomført særskild oppfølging av 4 hendingar: 2 hendingar hos DNB, 1 hending hos Nets, som ramma fleire bankar, og 1 hending hos Evry, som ramma fleire bankar.	204 IKT-hendingar
Tilsyn med betalingsføretak	2	0	1 stadleg tilsyn
Tilsyn med infrastrukturføretak	Avslutte 1 tilsyn med Fish Pool 1 tilsyn med integrasjon av Oslo Børs i Euronext-konsernet	Avslutta tilsyn med Fish Pool som blei begynt på i 2019 1 tilsyn med / oppfølging av migrasjonsprosjektet til Oslo Børs, Optiq, inkl. løyve til å utkontraktere kritiske driftsfunksjonar	4 stadlege tilsyn

Delmål 3 Investorvern

Påliteleg og nok informasjon er nødvendig for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidreg til at løpande og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvise og rettidig, og at prospekta er utforma i tråd med krava i verdipapirhandellova. Finanstilsynet sitt tilsyn med revisorar som reviderer børsnoterte føretak, bidreg til at årsrekneskapane held ein tilfredsstillande kvalitet. Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden bidreg Finanstilsynet til marknadsdisiplin og varetaking av interessene til investorar og utferdarar.

På grunn av koronapandemien blei det gjennomført færre tilsyn enn planlagt, også innanfor dette delmålet. Finanstilsynet har over tid observert gjentakande feil og manglande transaksjonsrapportering frå nokre verdipapirføretak. Tilsynet vil følgje opp dette overfor både norske og utanlandske verdipapirføretak for å auke kvaliteten på rapporteringa.

Trass i alle dei ekstraordinære oppgåvene i samband med koronapandemien i 2020 har Finanstilsynet, gjennom det løpande tilsynet med verdipapirmarknaden og informasjonstiltak, bidrege aktivt til godt investorvern under pandemien.

For å bidra til investorvern har Finanstilsynet i 2020 mellom anna

- følgd opp at aktørane i verdipapirmarknaden, inkludert børsnoterte føretak, oppfyller rapporteringspliktene sine, og at det er nok og påliteleg informasjon
- følgd opp risikoen i verdipapirmarknadene gjennom overvaking og analysar
- følgd opp flagge- og meldeplikta og plikter etter shortsalfordninga, som òg omfattar mottak og publisering av posisjonsmeldingar
- avslutta IFRS 9 tematisyn og halde digitale møte med revisorane i dei store revisjonsselskapa
- avslutta tematisyn om bruk av IFRS 15 og IAS 7 i føretaka og offentleggjort tilsynsrapportane
- avslutta tematisynet om bruk av IFRS 16 om alternative resultatmål i føretaka. 14 føretak blei

kontrollerte i samsvar med retningslinjene frå ESMA (ti kontrollar av årsrapportar og fire kontrollar av delårsrapportar). Rapportane blei offentleggjorde tidleg i 2021.

- gjennomført selskapstilsyn med revisjonsselskapet EY. Tilsynet blei gjennomført utan deltaking frå den amerikanske revisortilsynsmyndigheita (PCAOB) på grunn av reiserestriksjonar.
- gjennomført kontaktmøte med dei største revisjonsselskapa
- gjennomført dokumentbasert tilsyn med rekneskapsførarselskap og rekneskapsførarar. Over 450 av dei har valt å slette autorisasjonen sin i samband med tilsynet. Ei rekkje rekneskapsførarar fekk kalla tilbake autorisasjonen fordi etterutdanningskravet ikkje var oppfylt.
- kontrollert 104 rekneskapar, inkludert 30 delårsrekneskapar
- utvikla eit prospektregister som vil gi innsparingar i rapporteringa av godkjende prospekt til ESMA og ved mottak av grensekryssande prospekt frå dei andre prospektmyndigheitene i EØS
- fått 229 millionar transaksjonsrapportar frå verdipapirføretak, mot 180 millionar rapportar i 2019. Av desse var 31 millionar rapportar frå norske verdipapirføretak.
- offentleggjort ei kartlegging av berekraftsrapporteringa til noterte føretak (Sjå omtale på side 36.)

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Saker knytte til shortsals som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste. Mengda er avhengig av åtferda til aktørane.	24	24
Saker knytte til meldeplikt som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste. Mengda er avhengig av åtferda til aktørane.	42	50
Saker knytte til flaggeplikt som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste. Mengda er avhengig av åtferda til aktørane.	45	18
Kontrollerte rekneskapar	Kontrollere ca. 40 års- og delårsrekneskapar i noterte føretak og starte 10–12 tilsynssaker ved hjelp av risikobasert utveljing, signal og rotasjon	Kontrollert 104 rekneskapar, inkludert 30 delårsrekneskapar Starta 47 tilsynssaker, inkludert 22 saker om innhald i årsrapporten	40
Kontrollerte prospekt	Mengda er avhengig av aktiviteten i marknaden. Alle innkomne prospekt blir behandla.	118 prospekt	119
Tilsyn med revisorar	40 (30 stadlege tilsyn og 10 dokumentbaserte tilsyn)	19 stadlege og 23 dokumentbaserte tilsyn (og 11 tematilsyn om tiltak mot kvitvasking)	13 stadlege tilsyn 35 dokumentbaserte tilsyn
Tilsyn med rekneskapsførarar	60 (50 stadlege tilsyn og 10 dokumentbaserte tilsyn)	28 stadlege og 26 dokumentbaserte tilsyn (og 11 tematilsyn om tiltak mot kvitvasking)	47 stadlege tilsyn 15 dokumentbaserte tilsyn

Delmål 4 Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enkelte forbrukaren og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal vareta interessene til kundane og ta omsyn til kundane sine føresetnader for å forstå eigenskapane knytte til produkta. Finanstilsynet sikrar forbrukarvernet ved å ha tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og eigedom på ein forsvarleg måte. Også tilsynet med inkassoføretaka styrkjer forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og sikkerheitskrav bidreg til tryggleik for at produktleverandørane kan oppfylle pliktene overfor kundane.

Verdipapirfondmarknaden blei følgd opp tett etter det kraftige børsfallet i mars, med dagleg kontakt med bransjeforeininga, depotmottakarane og dei større aktørane. Beredskapen blei innretta slik at Finanstilsynet raskt kunne handtere ekstraordinære saker, til dømes søknader om suspensjon av verdiberekning og innløysingsretten i verdipapirfond. Det blei gitt samtykke til suspensjon for ni verdipapirfond. For å overvake likviditetssituasjonen, iverksette Finanstilsynet ekstraordinær rapportering frå dei største forvaltningsselskapa kvar veke fram til sommaren. Det har vore tett dialog med ESMA om handteringa av situasjonen i den europeiske fondsmarknaden.

På grunn av marknadsuroa som følgje av pandemien blei det òg gjennomført ei undersøking knytt til likviditeten i store kreditt- og eigedomsfond. Undersøkinga omfatta forvaltningsselskap og AIF-forvaltarar og blei gjennomført som ei felleseuropeisk undersøking i regi av ESMA.

For å setje bankane betre i stand til å hjelpe sårbare kundar gjennom krisa blei det bestemt å mellombels auke fleksibilitetskvotane i bustadlånforskrifta til 20 prosent i andre og tredje kvartal 2020. Bankane si rapportering til Finanstilsynet viste at prosentdelen innvilga lån som gjekk ut over krava i bustadlånforskrifta, auka i denne perioden.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet har svart på mange førespurnader frå forbrukarane i 2020. Koronapandemien har medført at Finanstilsynet i tillegg har fått ein del spørsmål om avtalar mellom kunde og bank, i hovudsak knytte til lånevilkår.

For å bidra til forbrukarvern har Finanstilsynet i 2020 mellom anna

- følgd opp rapportering av brot på investeringsavgrensingar frå forvaltningsselskapa og følgd opp enkelttselskap. Det blei rapportert om mange brot dei to første kvartala i 2020. I første kvartal blei det registrert ei dobling samanlikna med første kvartal 2019. Avviksauken kom av marknads- og valutauroa i samband med pandemien.
- undersøkt om verdipapirføretaka følgjer reglane om returprovisjon

- gjennomført eit tematisyn om likviditetsstyringa i UCITS-fond, som inngjekk i ei felleseuropeisk tilsynsundersøking i regi av ESMA
- sendt ut 88 førehandsvarsel om krav om å opprette obligatorisk tenestepensjon (OTP) og fatta 44 krav om oppretting og 16 vedtak om ilegging av dagmulkt
- arbeid med innspel til skatteetatsprosjektet, som skal leggje til rette for å bruke a-ordninga til å effektivisere arbeidet med OTP-oppfølging
- ferdigstilt tilsynsrapportar etter tilsyn i forsikringsagentføretak og forsikringsmeklingsføretak
- kartlagt kva rutinar forsikringsformidlarar har for å informere om gjeldande garantiordningar for forsikringar
- avslutta fleire påbegynte tilsyn med verdipapirføretak og begynt på åtte nye tilsyn
- avslutta 30 dokumentbaserte tematisyn knytte til produktgodkjenning, uavhengig investeringsrådgiving og kompetansekrav for tilsette i verdipapirføretak
- følgd opp ei omfattande undersøking av returprovisjon med individuell oppfølging av 35 verdipapirføretak og filialar
- behandla og følgd opp periodisk rapportering frå eigedomsmeklingsføretak, advokatar og inkassoføretak og varsla om og gjennomført fleire tilbakekallingsvedtak
- behandla ferdig seks tilsyn i eigedomsmeklingsføretak frå 2019
- gjennomført nye tilsyn i elleve eigedomsmeklingsføretak og hos éin advokat. Fem av tilsyna var avgrensa til å undersøkje om kvitvaskingsregelverket var følgd. Sjå òg omtale under delmål 6.
- begynt å kartleggje informasjonsflyten i eigedomsmeklingskjeder for å avdekkje moglege brot på teieplikta til meklarføretaka
- gjennomført tilsyn i fem inkassoføretak

Finanstilsynet har hatt tett kontakt med gjelds-
informasjonsføretaka, behandla søknader og gjennom-
ført endringar i risikostyringsforskrifta.

Det var planlagt eitt tilsyn i ein forbrukslånsbank i 2020,
men på grunn av koronapandemien og mangel på
ressursar blei det ikkje gjennomført.

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Tilsyn i forbrukslånsbankar	1	0	2
Tilsyn med verdipapirføretak	8 (2 tematilsyn retta mot kvitvasking, 2 tilsyn med folkefinansierings- plattformer og 4 fullskala tilsyn)	8	Avslutta 11 tilsyn og begynt på 7 tilsyn
Tilsyn med forvaltningsselskap for verdipapirfond, inkludert AIF-forvaltarar	4–6 stadlege tilsyn	4 (avslutta tilsyn med First Fondene, NRP Asset Management, Norse Forvaltning og Forte Fondsforvaltning)	6
Tilsyn med forsikringsformidlarar	1–3	1	3
Tilsyn med eigedomsmeklingsføretak og advokatar	5–10	11	16
Tilsyn med inkassoføretak	4	5	0
Tilsyn med gjeldsinformasjonsføretak	1	0	0

Delmål 5 Effektiv krisehandtering

Skal folk ha tillit til det finansielle systemet, er det viktig at dei veit at systemet kan handtere kritiske situasjonar. Finanstilsynet har beredskap for å handtere kriser i så vel enkeltføretak som marknader, slik at faren for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundane blir redusert. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenopprettingsplanar, og til at Finanstilsynet utarbeider krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske forhold blir handterte på ein tilfredsstillande måte. Det å kunne gi rask og relevant informasjon til allmenta er ein sentral del av kriseberedskapen.

2020 var prega av ei kontinuerleg krisehandtering som følgje av koronapandemien. Samtidig var det viktig for Finanstilsynet å skjøtte dei faste tilsynsoppgåvene. Les meir om tiltaka som Finanstilsynet har sett i verk, i byrjinga av dette kapittelet. Pandemien førte til meir uvisse i marknadene, og risikobiletet for føretaka endra seg raskt. Finanstilsynet sette i verk tett oppfølging av føretak under tilsyn og påla ekstraordinær rapportering for å kunne følgje utviklinga nøye. Gjennom året samarbeidde Finanstilsynet tett med dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene både om å handtere konsekvensane av pandemien og om å følgje opp den generelle kriseberedskapen i føretaka. Finanstilsynet har samarbeidd med Noregs Bank og har hatt tett kontakt med Finansdepartementet under pandemien.

I 2020 brukte Finanstilsynet mykje ressursar på å vere med og planleggje den sivile nasjonale øvinga Digital 2020 i regi av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Scenarioet for øvinga var eit digitalt angrep på finanssektoren. På grunn av koronapandemien blei øvinga nedskalert. Det var likevel ei nyttig erfaring å delta i planlegginga.

Informasjon til allmenta er vesentleg ved krisehandtering. Gjennom året publiserte Finanstilsynet jamleg informasjon på nettstaden sin for å halde tilsyns- einingane og allmenta informerte både om situasjonen i finansmarknaden og om ulike krav og tiltak i handteringa av konsekvensane av pandemien.

For å bidra til god kriseberedskap og effektiv krisehandtering i 2020 har Finanstilsynet mellom anna

- vidareutvikla metodikk og malverk for å utarbeide krisetiltaksplanar og fastsetje minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL)
- spesifisert krav til føretaka si rapportering, som er grunnlag for Finanstilsynet si utarbeiding av krisetiltaksplanar
- ferdigstilt 14 krisetiltaksplanar og MREL-vedtak
- arbeid med rammeverk for leiingsinformasjonssystem, verdivurderingar, finansiell infrastruktur, kriterium for kritiske funksjonar og malar for krisedokument
- justert metodikken for bidrag til krisetiltaksfondet i samarbeid med Bankenes sikringsfond og behandla ei oppmoding frå Bankenes sikringsfond om å utsetje trinn 2 av bidragsmodellen til innskots-garantifondet
- vurdert gjenopprettingsplanane til 34 bankar
- behandla rapportar om brot på gjenopprettingsindikatorar i bankar
- gjennomgått gjenopprettingsplanane for dei ti verdipapirføretaka som er underlagde krisehandteringsregelverket
- delteke i kriseutval for seks utanlandske bankar med filialar eller dotterføretak i Noreg og formalisert deltakinga som følgje av at BRRD blei teke inn i EØS-avtalen 1. januar 2020
- leidd kriseutvalet for DNB
- leidd beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI)

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Krisetiltaksplanar som er fastsette av Finanstilsynet	15 krisetiltaksplanar	14	8
Gjenopprettingsplanar som er vurderte av Finanstilsynet	52 gjenopprettingsplanar i bankar (inkl. i utanlandske føretak med verksemd i Noreg) 25 gjenopprettingsplanar i verdipapirføretak	34 gjenopprettingsplanar i bankar og 10 i verdipapirføretak	8
Fastsette MREL-krav	Fastsetje MREL-krav for 15 bankar	15	8

Delmål 6 Kampen mot kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet har òg tilsyn med at aktørane i verdipapirmarknaden rettar seg etter marknadsreglane, som omfattar forbod mot innsidehandel og marknadsmanipulasjon. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og undergrev verksemda for føretak som opererer innanfor regelverket. Det er likevel grenser for kor mykje ressursar Finanstilsynet kan bruke på å følgje opp ulovleg verksemd.

Føretaka som er underlagde kvitvaskingsregelverket, bidreg i stor grad til å førebyggje og avdekkje kvitvasking og terrorfinansiering. Dei seinare åra er det avdekt vesentlege svakheiter i etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i mange store bankar internasjonalt. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheiter, trappa opp aktiviteten på dette området. I 2020 fekk éin bank lovbrotsgebyr, og éin bank fekk varsel om gebyr.

Tilsynsverksemda bidreg til å førebyggje ulovleg verksemd og kriminalitet i føretak under tilsyn. Ved mistanke om alvorleg økonomisk kriminalitet blir forholdet meldt til politiet. Finanstilsynet sitt arbeid for fullgod revisjon og rekneskapsføring bidreg òg til å førebyggje og avdekkje økonomisk kriminalitet.

Trass i pandemien og den medfølgjande økonomiske uroa og omstillinga for dei rapporteringspliktige har Finanstilsynet inntrykk av at føretaka si etterleving av kvitvaskingsregelverket ikkje er vesentleg svekt. Tilsynsobservasjonar viser likevel at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket framleis er mangelfull i mange tilfelle. På fleire tilsynsområde har Finanstilsynet peikt på manglande risikoforståing, for liten kapasitet til å følgje opp risikoar og for dårlege rutinar for antikvitvaskingsarbeidet.

Kampen mot kriminalitet vil framleis vere ei prioritert oppgåve for Finanstilsynet. For å bidra i kampen mot kvitvasking og annan kriminalitet har Finanstilsynet i 2020 mellom anna

- gjennom rettleiing og tilsyn prøvd å bidra til betre etterleving av kvitvaskingslova
- følgd opp og gitt lovbrotsgebyr for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket
- slutført dokumentbasert kvitvaskingstilsyn med 110 bankar
- utarbeidd rapport frå tematisyn på kvitvaskingsområdet som undersøkte kundekontroll for enkeltkontoar i VPS og følgd opp kontoførarar som tilbyr «custody»-tenester til utanlandske finansføretak og investorar

- begynt å undersøkje korleis forvaltningsselskapa og AIF-forvaltarane følgjer kvitvaskingsregelverket. (Undersøkinga omfattar både AIF-forvaltarar med konsesjon og registrerte AIF-forvaltarar, 215 føretak til saman.)
- inkludert etterleving av kvitvaskingsregelverket i alle ordinære tilsyn med forvaltningsselskap for verdipapirfond
- gjennomført tilsyn i elleve eigedomsmeklingsføretak og hos éin advokat (eigedomsmeklingsverksemda) som mellom anna omfatta etterleving av kvitvaskingsregelverket
- undersøkt og følgd opp seks signal om at det blir drive eigedomsmekling utan konsesjon
- meldt to eigedomsmeklarar til politiet for ulovleg eigedomshandel og hjulpt til i etterforskningsarbeidet
- hjulpt Oslo politidistrikt og Økokrim i samband med fleire straffesaker
- følgd opp elleve verdipapirføretak og har mellom anna vedteke eitt pålegg om å stanse verksemda, varsla om eitt pålegg om stans og gitt seks marknadsåtvaringar
- hjulpt Oslo politidistrikt med å gå gjennom beslag hos verdipapirføretak som var melde til politiet i 2019
- følgd opp 45 saker om flaggeplikt
- følgd opp 42 saker om meldeplikt
- følgd opp 27 saker om shortsrapportering

Det blei gjennomført færre stadlege kvitvaskingstilsyn i bankar enn planlagt, delvis som følge av koronapandemien, men òg fordi enkelt saker har vore meir ressurskrevjande enn venta.

Når det gjeld tilsynet med betalingsføretak og e-pengeføretak, har Finanstilsynet hatt eit etterslep i konsesjonsaker og forvaltingsoppgåver, særleg knytte til betalingsføretaka. Oppfølginga av desse sakene har gått ut over dei stadlege tilsyna, og det blei ikkje gjennomført

stadlege tilsyn med betalingsføretak og agentar av utanlandske betalingsføretak i 2020. Finanstilsynet har brukt store ressursar på å hjelpe politiet med å etterforske fleire føretak, og planlagde tilsyn blei lagde på vent. Som planlagt blei det gjennomført tilsyn med fire vekslingskontor, men det var ikkje kapasitet til å gjennomføre planlagde tilsyn med vekslarar av virtuell valuta.

Finanstilsynet har samarbeidd med etatane som inngår i Kontaktforum og Betalingstjenesteforum. I tillegg har

tilsynet samarbeidd med Økokrim og Øst politidistrikt om fleire enkeltsaker. Finanstilsynet har bidrege til den nye regjeringsstrategien mot kvitvasking og terrorfinansiering og til tiltaksplanen til regjeringa. Tilsynet brukte òg store ressursar på bidrag til ei ny nasjonal risikovurdering.

Sjå òg rapport om kvitvasking og terrorfinansiering i 2020, publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Styringsparametrar	Resultatmål 2020 (plantal)	Resultat for 2020 (gjennomført)	Resultat i 2019
Kvitvaskingstilsyn i bankar	13 Stadlege tilsyn i bankar i risikoklassane «høg» og «medium/høg». Dokumentbaserte tilsyn: <ul style="list-style-type: none"> • fullføring av tilsyn med kundetiltak hos 100 bankar • etterleving av frysforpliktingane i 20 bankar 	7	4 stadlege tilsyn (og dokumentbasert tilsyn med 110 bankar)
Kvitvaskingstilsyn i andre typar rapporteringspliktige føretak (Fleire av desse tilsyna er òg talde med under andre delmål.)	56–58 tilsyn Blir dekte i alle 13–15 stadlege tilsyn i forsikrings- og pensjonsføretak 15 stadlege tilsyn i revisorføretak 15 stadlege tilsyn i rekneskapsførarføretak 1 tilsyn hos valutavekslarar (finansieringsføretak) 2 tilsyn i ordinære betalingsføretak 4 tilsyn i hawala-føretak 4 tilsyn hos agentar av utanlandske betalingsføretak 2 tilsyn hos tilbydarar av vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta	49 tilsyn 6 tilsyn i forsikringsføretak 1 tilsyn i forsikringsagentføretak 5 tilsyn i verdipapirføretak 11 tilsyn i eidedomsmeklingsføretak 11 tematisyn med revisorar 11 Tematisyn med rekneskapsførarar 4 tilsyn med vekslingskontor	5 tematisyn i verdipapirføretak 5 stadlege tilsyn i eidedomsmeklings-føretak Tematisyn for å sjekke om revisjonsselskap følgjer kvitvaskingslova ved sal av rådgivingstenester 3 tilsyn hos agentar av utanlandske betalingsføretak 1 tilsyn i betalingsføretak Tematisyn knytte til kundekontroll av 253 VPS-kontoar fordelte på 26 kontoførarar – av desse 7 verdipapirføretak, 8 bankar, 5 forvaltningsselskap for verdipapirfond og 6 filialar i Noreg av utanlandske bankar
Signal om ulovleg verksemd som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste. Mengda er avhengig av marknadsåtferda.	Følgd opp signal om 11 selskap på verdipapiriområdet	
Mistenkjelege saker knytte til marknadsåtferd som er undersøkte	Ikkje mogleg å talfeste. Mengda er avhengig av åtferda til aktørane.	191	

Andre aktivitetar

Klimarisiko og berekraft / grøn finans

I følgje tildelingsbrevet for 2020 må Finanstilsynet tilpasse oppfølginga av finansføretaka til nye risikoar og sårbarheiter som blir identifiserte, og korleis aktørane tilpassar seg til dette, og til internasjonale tiltak og tilrådingar. Vidare skal Finanstilsynet særleg bidra til å auke kunnskapen om klimarisikoen i finansnæringa og til å utvikle tilsynsverktøy for å følgje opp føretaka i handteringa av miljø- og klimarisikoen.

Det er behov for meir kunnskap om korleis klimændringane påverkar finansmarknadene, og om korleis klimarelatert risiko kan påverke den finansielle stabiliteten. Finanstilsynet deltek i internasjonalt samarbeid innanfor området, spesielt i EBA, ESMA og EIOPA og gjennom arbeidet i Network for Greening the Financial System (NGFS) og arbeidet med regelverksutvikling i EU.

Finanstilsynet har i 2020 mellom anna

- inkludert oppfølging av berekraft og klimarisiko ved tilsyn i 15 bankar, åtte forsikringsføretak og to pensjonskassar
- teke inn forventingar til korleis forsikringsføretaka skal handtere klimarisikoen (fysisk risiko og overgangsrisiko) i risikomodulen for evaluering av styring og kontroll i føretaka. Klimarisikoen blir òg vurdert i den årlege rapporten om eigenvurdering av risiko og solvens (ORSA) frå forsikringsføretaka.
- gjennomført møte med tre eigenforsikringsføretak om klimarisikoen som ledd i å identifisere og auke kunnskapen om føretakas styring og kontroll av klimarisiko i forsikring
- hjelpt til i arbeidet med å gjennomføre ei forordning på klimaområdet på oppdrag frå Finansdepartementet og tilrådd å samle regelverket på dette området i ei eiga lov om berekraft

- gjennomført ei undersøking om berekraftige investeringar. Omfanget av investeringsprodukt som blir marknadsførte som berekraftige, såkalla ESG-produkt (Environmental, Social and Governance), har auka kraftig dei seinare åra. Særleg grønne fond blir marknadsførte aktivt. Denne utviklinga, sett i samheng med forventna norske reglar for gjennomføring av EU-reglar om berekraftig finans, var bakgrunnen for at Finanstilsynet mot slutten av 2020 begynte å kartlegge berekraftsarbeidet til forvaltningsselskap og AIF-forvaltarar. Kartlegginga omfattar føretaka si handtering og informasjonen som blir gitt til allmenta, både på føretaksnivå og på produktnivå.
- installert PACTA-modellen (programvare) og testa han på porteføljane til norske livsforsikringsføretak. Bruk av modellen på bankar er til vurdering.
- gitt innspel til Klima- og miljøverndepartementet og Finansdepartementet om å gjennomføre ein test av om investeringsporteføljjar er i samsvar med klimamåla i Parisavtalen
- publisert NGFS sine klimascenario og andre rapportar frå NGFS på nettstaden til Finanstilsynet
- kartlagt berekraftsrapporteringa til dei noterte føretaka

Finanstilsynet heldt presentasjonar om berekraftsrapporteringa til dei noterte føretaka i samband med

- Finanstilsynets verdipapirseminar
- Finanstilsynets utferdarseminar
- Finans Norges seminar om berekraftsrapportering i Noreg

Styringsparametrar

Resultatmål 2020 (plantal)

Resultat for 2020 (gjennomført)

Tilsyn som òg omfattar klimarisiko hos føretaka

- Mellom anna:
- 15 bankar
 - 3 livsforsikringsføretak
 - 6 skadeforsikringsføretak og særskilde møte om klimarisiko med 6–10 forsikringsføretak
 - verdipapirføretak og fondsforvaltarar

- 15 bankar
- 2 livsforsikringsføretak
- 2 pensjonskassar
- 6 skadeforsikringsføretak og særskilde møte med 3 eigenforsikringsføretak om klimarisiko
- 1 forsikringsagentføretak
- Sett i gang undersøking om berekraft som inkluderer alle forvaltningsselskapa og AIF-forvaltarar med konsesjon (ca. 65 føretak)
- Tema klimarisiko inkl. i 2 stadlege tilsyn hos forvaltningsselskap

Finanstilsynet sitt arbeid med den regulatoriske sandkassen

I samsvar med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet skal Finanstilsynet drifte ein regulatorisk sandkasse for fintech-verksemder som del av eit breiare informasjons- og rettleiingsinitiativ. Finanstilsynet skal ta del i internasjonalt samarbeid på området og sjå på kva erfaringar tilsynsmyndigheitene i andre land har med å leggje til rette for å utvikle fintech-verksemder. Sjå rapport om den regulatoriske sandkassen på nettstaden til Finanstilsynet.

Den regulatoriske sandkassen for fintech opna for søknader 12. desember 2019. Fristen for å søkje om deltaking var 12. februar 2020. Finanstilsynet fekk tolv søknader til saman. I april 2020 blei to prosjekt frå høvesvis Quesnay AS og SpareBank 1 SR-Bank tekne inn i sandkassen.

Quesnay er ein tenesteleverandør til bank- og finanssektoren som utviklar løysingar knytte til antikvitvaskingsarbeid hos rapporteringspliktige føretak. Målet med sandkasseprosjektet var å identifisere relevante problemstillingar knytte til kvitvaskingslova for å avklare kva slags informasjon som kan delast mellom rapporteringspliktige føretak i arbeidet mot kvitvasking.

SpareBank 1 SR-Bank ønskjer å utvikle ei løysing for ein autorisert digital kunderådgivar der teknologien bak rådgivinga vil innehalde kunstig intelligens. Målet

med sandkasseprosjektet var å byggje kompetanse i Finanstilsynet og SpareBank 1 SR-Bank innanfor utvikling, forvaltning og kontroll av ei rådgivingsløysing som gir fullautomatisert pensjonsrådgiving i tråd med forsikringsformidlingsdirektivet.

I 2020 førebudde Finanstilsynet sandkasseprosjekta i samarbeid med selskapa. Det blei utarbeidd prosjektplanar som beskriv kva som skal skje i prosjekta, når aktivitetane skal finne sted, og kva slags regulatoriske avklaringar som eventuelt skal diskuteras. Finanstilsynet etablerte dialog og samarbeid med Datatilsynet og vidareførte eit samarbeid med den regulatoriske sandkassen til det danske finanstilsynet. Finanstilsynet deltok òg på to møte i European Forum for Innovation Facilitators (EFIF).

Prosjekta blei gjennomførte hausten 2020. Sluttrapportar som beskriv kva slags aktivitetar som er gjennomførte, og kva som er oppnådd, vil bli publiserte på nettstaden til Finanstilsynet i byrjinga av 2021. Prosjekta har vore lærerike, og dei blei gjennomførte i tråd med dei fastsette måla for den regulatoriske sandkassen.

I tillegg til den regulatoriske sandkassen har Finanstilsynet eit informasjons- og rettleiingstilbod retta mot fintech-verksemder. Gjennom dette tilbodet svarte Finanstilsynet på 32 førespurnader i 2020 – noko fleire enn i 2019.



**STYRING OG KONTROLL
I VERKSEMDA**

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMMA

Styringsstruktur

Styret i Finanstilsynet, som Finansdepartementet har oppnemnt for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Finanstilsynsdirektøren, som er tilsett for eit åremål på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Avdelingane blir leidde av kvar sin avdelingsdirektør. Kvar avdeling er delt inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidde av ein seksjonssjef. Funksjonen for mellom anna juridisk kvalitetssikring er plassert i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon. Avdelingsdirektørane for dei tre tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren deltek i leiargruppa til Finanstilsynet.

Verksemda til Finanstilsynet er lovregulert gjennom finanstilsynslova. Tilsynslova er supplert av særlovgeving på dei ulike tilsynsområda. Kwart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda, som saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er grunnlaget for årlege planar for verksemda. Styret vedtok strategien for 2019–2022 i desember 2018. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilsynet kva som er gjennomførte aktivitetar, samanlikna med planlagde aktivitetar i planen for verksemda, og rapporterer om andre saker og i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilsynet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsrapporten. For 2020 vil årsrapporten bestå av rapportar frå dei forskjellige tilsynsområda, som blei publiserte på nettstaden til Finanstilsynet i februar 2021, og ein kortare årsrapport som rapporterer etter krava i føresegnene om økonomistyring i staten.

Styret har møte kvar månad utanom juli og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, til dømes regelverksforslag, prinsipielle saker, utvalde saker om tildeling og inndraging av løyve, budsjett og planar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Styreleiaren deltok i to møte med Finansdepartementet i 2020. I tillegg blir Finansdepartementet invitert til å halde innlegg på eit seminar for styret på hausten.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risikoanalysar for eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av planen for verksemda og sende til Finansdepartementet.

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI *Årsrekneskap*.

Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Effektivisering og digitalisering

Finanstilsynet har i mange år satsa på IT-systemutvikling for å møte auka rapporteringskrav og for å gjere saksbehandlinga meir effektiv. Dette arbeidet blei intensivert i 2020, mellom anna grunna koronapandemien og behovet for å leggje til rette for at tilsette kunne vareta arbeidsoppgåvene sine heimanfrå.

Eit stort effektiviseringstiltak under koronapandemien har vore ei rask gjennomføring av den planlagde overgangen til Microsoft Office 365 og Teams i heile organisasjonen, og det blei raskt etablert løysingar for heimearbeid. Finanstilsynet investerte i berbare PC-ar, ekstra skjermar, anna IT-utstyr og ekstra kontorstolar som tilsette kunne ta med seg heim for å vere i stand til å utføre ein god jobb frå heimen under vanskelegare arbeidsforhold. Nettverk og utstyr i lokala til Finanstilsynet blei òg oppgradert, mellom anna for å leggje til rette for digitale (video)tilsyn. Utrullinga av Teams og anskaffinga av utstyr har mellom anna gjort det mogleg å gjennomføre møte og «stadlege» tilsyn via videokonferanse, halde nødvendig kontakt med tilsynsiningane og delta i internasjonale møte.

Finanstilsynet søker å betre prosessane for datauttrekk for tilsynsformål, og tilsynet arbeider med å effektivisere og harmonisere tilsynsprosessane. Slikt utviklingsarbeid reduserer kapasiteten for saksbehandling på kort sikt, men det er venta at det bidreg til forbetringar på lengre sikt.

Mot slutten av 2019 fastsette Finanstilsynet ein digitaliseringsstrategi med mål, prinsipp og planar for digitaliseringsarbeidet dei neste åra. Digitaliseringsstrategien tek utgangspunkt i Finanstilsynet sin strategi for 2019–2022 og hovudmålet for Finanstilsynet, som er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. I 2020 arbeidde tilsynet med ein strategi for «IT-sourcing», som blei fastsett i januar 2021. Kartlegging av nødvendige roller og funksjonar for å drive fram digitalisering i Finanstilsynet har vore grunnleggjande i dette arbeidet. Strategien for IT-sourcing er utarbeidd

med utgangspunkt i krav i digitaliseringsrundskrivet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og «Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025» og beskriv prinsipp for Finanstilsynet sine vurderingar rundt kjøp av IT-tenester i marknaden.

Ny teknologi gjer samhandling, automatisering, informasjonsforvaltning og analyse lettare. Nye og omfattande rapporteringskrav gir store mengder data som i større grad enn i dag kan utnyttast i tilsynsverksemda. Ein moderne og fleksibel IT-arkitektur, god tilgang til data og digital kompetanse er ein føresetnad for å kunne dra nytte av moglegheitene som digitalisering kan gi over tid.

I 2020 inngjekk Finanstilsynet rammeavtalar om

- drift og forvaltning av datavarehuset, og analyse-tenester for programvara «Python»
- rådgiving på feltet IT-tryggleik, med teknisk bistand, handtering av hendingar o.a.
- rådgiving og bistand til utvikling av digitale assistentar/robotisering (RPA) og bruk av kunstig intelligens (AI)

Tilsynet har sett i gang fleire prosjekt som testar maskinlesing og robotisering av enkelte oppgåver. Prosjektet vil bidra til å utvikle kunnskap og metodar som kan brukast på fleire område.

Eit forbetnings- og effektiviseringstiltak har vore å ta i bruk programmeringsspråket «Python» til automatisering, dataintegring og dataanalyse. I 2020 tok Finanstilsynet i bruk ei ny uttrekksløyse som har effektivisert arbeidet med å trekkje ut og bruke/analysere data.

Ei løysing for mottak av innrapporteringar gjennom Altinn har vore i bruk sidan 2005. Tilsynet har eit løpande behov for å utvikle nye skjema, og skjema som er i bruk, må endrast i takt med regelverket og nye behov. Det var høg aktivitet med utviklinga av Altinn-skjema i 2020, og Finanstilsynet hadde 114 aktive Altinn-skjema ved utgangen av 2020. Det har forenkla og effektivisert arbeidet for både Finanstilsynet og verksemdene som er under tilsyn. I 2020 blei det mellom anna utvikla ei Altinn-løysing for rapportering av meldepliktige transaksjonar etter marknadmisbruksforordninga, og eit nytt Altinn-skjema til bruk for dei registrerte AIF-forvaltarane. Arbeidet med systema for den periodiske rapporteringa frå AIF-forvaltarane og innrapporterte data blei vidareutvikla i 2020, og kvaliteten på dataa blei forbetra. Tilsynet arbeider med å utvikle ei løysing for å betale gebyr til Finanstilsynet via Altinn.

Finanstilsynet har ferdigutvikla og teke i bruk eit prospektregister som vil gi innsparingar både i rapporteringa av godkjende prospekt til ESMA og i mottekne grensekryssande prospekt frå dei andre prospektmyndigheitene i EØS-området. Tilsynet gjennomførte òg ein pilot med maskinlesing av prospekt. Etter ei

kost-nytte-vurdering blei det bestemt å ikkje gå vidare med prosjektet.

Saman med NCE Finance Innovation gjennomførte Finanstilsynet hausten 2020 eit prosjekt for maskin-til-maskin-rapportering av engasjementsdata frå tre bankar til Finanstilsynet. Både bankane og Finanstilsynet vurderer piloten som vellykka, og arbeidet vil halde fram i 2021.

For enklare å kunne dele offentlege data frå Finanstilsynet vedtok tilsynet å utvikle maskinlesbare grensesnitt (API) for to løysingar. Det offentlege API-et for shortsregisteret til Finanstilsynet blei utvikla og ferdigstilt i første halvår 2020. API for verksemdsregisteret blei utvikla, og løysinga vil bli sett i produksjon tidleg i 2021.

Finanstilsynet har teke i bruk eFormidlingsmodulen etter nasjonale fellesføringar, som sikrar ein samordna og effektiv kommunikasjon med allmenta, offentlege etatar og verksemdar under tilsyn.

Utviklingsoppgåver (kompetanseutvikling og metodearbeid)

Mot slutten av 2020 kartla Finanstilsynet den digitale kompetansen til medarbeidarane, i tråd med digitaliseringsstrategien, og tilsynet arbeider med ein kompetansestrategi for Finanstilsynet for å gjere tilsynet betre rusta til å handtere framtidige oppgåver.

Finanstilsynet arbeider òg med felles prosjektmetodikk og malverk for prosjektgjennomføring.

Heile verksemda arbeider kontinuerleg med fornying, forenkling og effektivisering av tilsynsmodular, risikovurderingar og tilsynsmetodikk. I dette arbeidet blir potensialet for effektivisering og innovasjon gjennom digitalisering og bruken av robotteknologi (RPA) løpande vurdert.

Miljøansvar – Finanstilsynet sitt arbeid med FN's berekraftsmål

Det at dei fleste tilsette arbeidde heimanfrå i 2020, har hatt nokre positive effektar på Finanstilsynet sitt bidrag til miljøet. Tilsette vende seg til nye digitale arbeidsformer, og i lokalet til tilsynet blei det skrive ut langt under halvparten så mange ark som året før.

Finanstilsynet etablerte ein avtale for retur av teknisk utstyr mot slutten av 2020 for å lette arbeidet med å slette harddiskar, samtidig som det tekniske utstyret kan gjenbrukast av mellom anna skuleelevar. Så langt er 56 berbare PC-ar og 9 nettverkssvitsjar blitt brukte på nytt. Det svarer til ei innsparing i CO2 på 41 300 kg, eller 88 500 liter reint vann.

Finanstilsynet skal vere ei miljøbevisst verksemd og planlegg å søkje om miljøsertifisering i 2021.

Internkontroll

Finanstilsynet har ein oversiktleg organisasjon med linjestyring og klare ansvars- og fullmaktsforhold. Det finst felles rutinar og retningslinjer for verksemda, inkludert saksbehandlings- og tryggleiksrutinar. I tillegg er det utarbeidd arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjer og rutinar blir jamleg oppdaterte. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette som blir gjennomgått med jamne mellomrom.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for tilsynsområda, blir det utarbeidd seksjonsvise verksemdsplanar. Det blir òg utarbeidd ein verksemdsplan for Finanstilsynet samla sett for å synleggjere dei planlagde aktivitetane opp mot delmål og styringsparametrar. Leiinga følgjer opp verksemdsplanane gjennom året for å sikre at ressursinnsatsen og resultata er i samsvar med planar og prioriteringar, og at avvik blir forklarte og følgde opp. Om nødvendig blir planar tilpassa nye behov og føresetnader som oppstår gjennom året.

Den største risikoen for verksemdsutøvinga er knytt til evna til å ha god nok fagkompetanse på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet legg derfor vekt på god leing og personalpolitikk. HR-funksjonen deltek aktivt i arbeidet med rekruttering og personalutvikling. Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støtrefunksjonar til forvaltings- og tilsynsverksemda. Arkivsystemet WebSak blir jamleg oppgradert, og verksemda har implementert løysingane elnnsyn og eFormidling. Oppgåvene til økonomifunksjonen omfattar offentlege anskaffingar, budsjett og rekneskapsoppfølging. Finanstilsynet har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om levering av lønns- og rekneskapstenester, og med Statens innkrevjingsentral om innkrevjing av tilsynsavgift. Misleghaldsprofilen til tilsynet blir jamleg gått gjennom.

Anskaffingar av IT-løysingar og oppfølging av IT-utvikling er lagt til avdelinga for digitalisering og analyse. Det er etablert styringsgrupper for kvart tilsynsområde. Eit porteføljestyre har det overordna ansvaret for å foreslå prioriteringane innanfor IT-utvikling for den samla verksemda innanfor dei gitte budsjettammene. Vurderingane til porteføljestyret gir grunnlag for avgjerder av direktør og styre.

Tilsynet har ein intern kontrollar som fører tilsyn og kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til styret.

Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2020. Internkontrollen gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk, interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan feil eller vesentleg sviakt i rutinane.

Tryggleik og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta tryggleiken og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle hendingar i eigen organisasjon.

Finanstilsynet sin tryggleiks- og beredskapsorganisasjon blei sett på prøve i 2020 i samband med handteringa av koronapandemien. Organisasjonen viste seg å vere i stand til å handtere konsekvensane av koronapandemien, både i tilsynsverksemda og i eiga verksemd. Straks pandemien inntreffe, blei den interne krisestøtteeininga sett i arbeid, og det blei sett krisestab. Både krisestaben og krisestøtteeininga har hatt jamlege møte under pandemien. Det var òg eit løpande og tett samarbeid med Noregs Bank og andre offentlege etatar for mellom anna å sikre einsarta tiltak overfor tilsette under pandemien. Finanstilsynet deltok i alle samvirkekonferansane til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) for å følgje utviklinga i smittesituasjonen og smitteverntiltak.

Finanstilsynet nyttar beredskaps- og krisehandteringssystemet CIM i beredskapsarbeidet. Det blei arrangert kurs og opplæring i CIM gjennom 2020. Møte i krisestaben og den interne krisestøtteeininga blei registrerte i CIM saman med vedtekne tiltak. Andre interne hendingar blei òg registrerte i CIM.

Finanstilsynet heldt fram arbeidet med informasjonstryggleik og svarte på spørjeundersøkingar frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM – Nasjonal sikkerhetsmyndighet) om informasjonstryggleiken i verksemda og om styringsystema for informasjonstryggleiken. Under pandemien arbeide Finanstilsynet mykje med informasjonstryggleiken. Tilsynet gjennomførte ein ekstern gjennomgang av tryggleiken i oppsettet av Microsoft Office 365, og ein gjennomgang av ROS-analysen for dette programmet. Kapasiteten og stabiliteten i systema blei òg betra ved å etablere ei ny internettlinje inn til Finanstilsynet. Tilsynet tilbydde tilsette mobiltelefon med ein god datapakke for å gi dei eit godt digitalt verktøy i kvardagen og auke informasjonstryggleiken, mellom anna ved at dei då kan unngå å bruke usikre nettverk.

For å auke medvitnet blant medarbeidarane blei det òg gjennomført nasjonal tryggleiksmånad, og tilsynet sende ut månadlege e-læringskurs for alle tilsette for å auke kunnskapen om e-postbruk og faren for nettsvindl. Det blei gjennomført eit sikkerheitsseminar for leiargruppa og informasjonsmøte om IT-tryggleik i fleire avdelingar.

Finanstilsynet signerte i 2020 ein rammeavtale med eit konsulentfirma om rådgiving og testing innanfor IT-tryggleik. Leverandøren gjekk òg gjennom tilsynet sine styringssystem for informasjonstryggleik og gav rettleiing om nødvendige førebuingar i samband med tilknyttinga til «Nasjonalt BEGRENSET nett».

Finanstilsynet var med og planla og førebudde den nasjonale sivile øvinga «Digital 2020» i regi av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Målet for øvinga var å gjennomføre og handtere eit simulert digitalt åtak på den norske finanssektoren. Grunna pandemien og smitteverntiltaka blei det berre gjennomført ei nedskalert øving.

Som følge av koronapandemien og at det stort sett ikkje var tilsette i lokala til Finanstilsynet, gjennomførte ikkje tilsynet brann-/evakueringsøvingar i samarbeid med Noregs Bank i 2020.



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Risikoar i finansmarknadene

Koronapandemien

Verda opplevde ein brå og sterk økonomisk nedgang då koronapandemien våren 2020 utløyste strenge smitteverntiltak med omfattande nedstengingar. I Noreg bidrog kraftige myndighetstiltak til å dempe konsekvensane for dei ramma hushalda og føretaka og til å redusere uroa i finansmarknadene. Tilgang til vaksinar er forventa å gi grunnlag for å avvike inngripande smitteverntiltak, men det er framleis stor uvisse knytt til utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene. Det vil kunne ta lang tid før den økonomiske aktiviteten er tilbake på same nivå som før pandemien, og det er stor fallhøgd i verdipapir- og eigedomsmarknadene.

Digitalisering – moglegeheiter og risiko

Digitaliseringa og tilpassa regelverk har opna for at nye aktørar kan utfordre dei etablerte føretaka, mellom anna når det gjeld betalingstenester. Finanstilsynet følgjer med på utviklinga av ny finansiell teknologi og på regelverksutviklinga internasjonalt på dette området. Tilsynsverksemda som er retta inn mot nye aktørar og forretningsmodellar, må særleg ta omsyn til robustheit og forbrukarvern.

Digitalisering kan òg innebere auka sårbarheit. Risikoen for uønskte hendingar knytte til operasjonell svikt eller digital kriminalitet har auka, og ringverknadene blir større. Det krevst god forståing for risikoane og gode system i føretaka. Dette må følgjast opp gjennom tilsyn.

Klimarisiko

Klimaendringane og overgangen til eit lågutslepps-samfunn har konsekvensar for finansmarknaden og finansføretaka og kan påverke den finansielle stabiliteten. Det er viktig at finansføretaka forstår risikoen dei er eksponerte for, og har god nok kapital til å handtere han, og at investorar får gode opplysningar om klimarisiko frå dei som utferdar finansielle instrument.

Omfanget av berekraftige investeringsprodukt, såkalla ESG-produkt, har auka kraftig dei seinare åra. Grøne investeringsprodukt blir aktivt marknadsførte, og høg prisvekst på mange grønne investeringsprodukt kan ha bidrege til å auke etterspurnaden etter slike produkt. Det er ein risiko for at investeringsprodukt blir marknadsførte som grønne utan reelt grunnlag, såkalla grønvasking. Sterk vekst i investeringar i grønne finansielle produkt har dessutan auka risikoen for overprising og finansielle bobler i dette segmentet.

Både finansnæringa og myndighetene må styrkje arbeidet med å handtere klimarisikoen. Eksponeringsanalyser, sensitivitetsanalyser og stresstestar av klimascenario er verktøy som kan gi meir innsikt i klimarisikoen

som finansføretaka og det finansielle systemet er eksponerte for. Det er sett i gang eit breitt internasjonalt samarbeid om dette, og eit omfattande regelverk er under arbeid i EØS. Deltaking i det internasjonale myndighets-samarbeidet er ein viktig del av Finanstilsynet sitt arbeid med klimarisiko.

Ulovleg verksemd

Når nokon yter finansielle tenester utan nødvendige løyve, bidreg det til å svekkje tilliten til finansmarknadene og undergrave verksemda i føretak som har nødvendige løyve og driv verksemda si innanfor gjeldande reglar. Slik verksemd er ofte knytt til bedrageri og annan økonomisk kriminalitet. Finanstilsynet opplever auka forventingar til at det skal følgje opp ulovleg verksemd, til dømes aktørar som opererer utanfor eller i randsona av regulering og tilsyn, og som gir eit feilaktig inntrykk av å vere regulerte og under tilsyn. Oppfølging av ulovleg verksemd er ressurskrevjande, og verksemdene kan ofte vere små. I prioriteringane må tilsynsaktivitetar retta mot desse føretaka vurderast opp mot tilsynsaktivitetar som er retta mot føretak med konsesjon.

Tilsynet publiserer marknadsåtvaringar mot verksemdar og føretak som ikkje har nødvendige løyve, og krev at dei stansar verksemda. Ein del saker blir òg melde til politiet.

Kvitvasking og terrorfinansiering

Kvitvasking av pengar og terrorfinansiering kan innebere store samfunnskostnader. Både i Noreg og elles i Europa er det avdekt alvorleg svikt i korleis føretaka etterlever regelverket som skal førebyggje kvitvasking av pengar og terrorfinansiering. Førebygging av kvitvasking og terrorfinansiering vil krevje eit tettare samarbeid om handtering av risikoar, analysar og bruk av tiltak. Finanstilsynet har trappa opp tilsynet med korleis føretaka etterlever kvitvaskingsregelverket. Ei ytterlegare opptrapping av tilsynsverksemda på dette området må vurderast på bakgrunn av dei samla tilsynsressursane til Finanstilsynet.

Investorvern og forbrukarvern

Solide og likvide finansføretak og velfungerande finansmarknader er grunnleggjande forbrukarinteresser. Forbrukarane skal ha eit godt vern når dei kjøper og sel finansprodukt og eigedom. Dei skal kunne basere avgjerdene sine på god informasjon og nøytral rådgiving. Overgangen frå garanterte tenestepensjonar til innskotsbasert pensjonssparing i store delar av arbeidsmarknaden inneber at mange arbeidstakarar må ta investeringsval og bere avkastingsrisiko som får mykje å seie for pensjonen.

Føretaka som tilbyr investeringstenester, er underlagde viktige reglar om forbrukar- og investorvern. Personar

som yter investeringsrådgiving eller gir opplysningar om finansielle instrument, investeringstenester eller tilknyttede tenester, skal ha relevant kunnskap og kompetanse.

Den finansielle rapporteringa til føretaka er svært viktig for investorvernet. På grunn av dei usikre framtidsutsiktene for norsk økonomi som følgje av pandemien er føresetnadene som skal leggjast til grunn for verdigrundlag til føretaka, krevjande. Det gjeld særleg estimatpostar som krev skjønnsvurderingar. Det er viktig at føretaka er merksame på dette, og at revisorane utøver eit kritisk og godt profesjonelt skjønn når dei reviderer årsrekneskapen.

Éin marknad i EØS

Finansnæringa sine aktivitetar og handelen med finansielle tenester på tvers av landegrensene innanfor EØS aukar, og samarbeidet med tilsynsmyndigheitene i andre land blir stadig meir omfattande.

Gjennom deltaking i dei europeiske tilsynsmyndigheitene og i EFTA er Finanstilsynet med på å utvikle relevant regelverk som skal gjelde finanssektoren i EØS. Når reglane er fastsette, er det avgrensa handlingsrom for nasjonal tilpassing. EU-regelverket på finansmarknadsområdet er omfattande og komplekst. Det er auka behov for rettleiing til føretak under tilsyn.

Det europeiske tilsynssamarbeidet er viktig for at ein skal kunne vere best mogleg i stand til å identifisere risikoar og føre eit godt tilsyn med marknader, konsern og føretak på tvers av landegrensene. Dei europeiske tilsynsmyndigheitene vil framover prioritere arbeidet med å harmonisere tilsynspraksisen og med å gjennomføre samordna tilsynsaktivitetar. Krava til felles europeisk tilsynspraksis og tilsynsaktivitetar vil avgrense handlingsrommet til Finanstilsynet når det gjeld prioriteringar og arbeidsmåtar.

Prioriteringar i tilsynsarbeidet

Tilsynsverksemda til Finanstilsynet skal vere risiko-basert. Det er likevel gitte rammer som i stor grad gjer at Finanstilsynet har avgrensa høve til sjølv å prioritere i tråd med det risikobaserte tilsynet. Finanstilsynet må, innanfor ramma av regelverket, føringar i EØS-samarbeidet, til-delte ressursar og spesifiserte aktivitetskrav i tildelingsbrevet, prioritere aktivitetar som det samla sett meiner bidreg mest til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

I tilsynsverksemda må det leggjast avgjerande vekt på risikoen for, og konsekvensane av, alvorlege hendingar og brot på regelverket, som er viktig for Finanstilsynet sitt mål om finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Digitalisering og utnytting av IT-verktøy har bidrege, og skal i framtida bidra, til effektivisering gjennom automatisering, meir effektive rapporterings- og analyse-løysingar og betre informasjons- og samhandlingskanalar. Relevante og tilgjengelege data er eit viktig grunnlag for tilsynsarbeidet for at ein tidleg skal kunne identifisere risikoar, både i enkeltføretak og i marknadene.

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan gi ei betre og meir effektiv verksemd. Effektivisering og forenkling er nødvendig for at Finanstilsynet skal kunne gjennomføre nye ressurskrevjande oppgåver og samtidig vidareføre eit forsvarleg aktivitetsnivå på alle tilsynsområda.



ÅRSREKNESKAP

ÅRSREKNESKAP

Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegnar om økonomistyring i staten, med tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2020.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. Budsjettet for 2020 til driftsutgifter (post 01) var opphavleg på 419,9 millionar kroner. Budsjettet blei seinare auka med 5,4 millionar kroner grunna auka utgifter som følgje av koronapandemien og oppfølginga av finansmarknadene som blei sett i verk, og 1,4 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjøret. Inkludert overførte midlar på 9,5 millionar kroner frå 2019 var den samla disponible utgiftsramma til drift 436,2 millionar kroner.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øyremerkt IT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2020 blei det løyvd 24,1 millionar kroner, og saman med overførte midlar frå 2019 på 7,3 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 31,4 millionar kroner. Midlane blir nytta til å modernisere registera og innrapporteringa frå tilsyns-einingane, saksbehandlingsverktøya og nettløysinga til tilsynet. Finanstilsynet sin digitaliseringsstrategi viser satsingane for 2020–2022. Løysingar for å dele data maskinelt var eit av satsingsområda i 2020. Arbeidet med å utvikle og tilpasse IT-system for å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og nødvendig analyse av tilgjengeleg informasjon har gått for seg over fleire år, og det vil halde fram i dei kommande åra òg.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2020 summerte seg til 469,8 millionar kroner til saman, ein nominell auke på 4,5 prosent frå 2019. I løyvingrapporteringa inngår òg meirverdiavgift som er belasta nettoordninga for meirverdiavgift i staten. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* blei i overkant av 10,8 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt overført til 2021. Mindreutgifter for post 45 blei 4,2 millionar kroner og er søkt overførte til 2021. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 337,8 millionar kroner, som er 7,9 prosent meir enn i 2019. Lønn utgjør 77,1 prosent av det som blei utgiftsført til drift i 2020. Styrkinga av budsjetttramma i 2019 og i 2020 blei i hovudsak brukt til å tilsetje fleire. Talet på utførte årsverk var berekna til 292 i 2020, mot 279 i 2019. Sjå nærmare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet på side 13. Veksten i lønnsutgiftene kan òg forklarast med auka pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Utgiftene til pensjonspremie var 45,1 millionar kroner i 2020, ein auke på 31,6 prosent frå 2019. Rekneskapsføringa av pensjon

blei lagd om i 2020. For å følgje den rekneskapsmessige metoden som går fram av R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter», er det i 2020 utgiftsført sju terminar, mot normalt seks terminar. Denne omlegginga innebar ei eingongsutgift på 5,9 millionar kroner. Denne ekstraordinære belastinga var teken omsyn til i budsjettløyvinga.

Utbetalingar til investering og andre utbetalingar til drift (jf. artskontorrapportering) viser ein nedgang på 3,6 prosent frå 2019. Forklaringa er knytt til koronapandemien og eit endra forbruk. Fleire område, som reise- og møteverksemd og kompetansemiddel, viser eit lågare forbruk enn i eit normalår. Samtidig auka utgiftene som følgje av ein svakare kronekurs enn føresett, og det har òg vore behov for både nye IT-system og fornying av utstyr.

Finanstilsynet krev gebyr for kontroll av prospekt etter verdipapirhandellova, for behandling av konsesjon til å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak, for behandling av løyve om å opptre som opplysningsfullmektig, og for løyve etter inkassolova. Samla innbetaling var 11,2 millionar kroner i 2020, mot 10,9 millionar kroner i 2019. Mindreinntekter samanlikna med budsjettet blei 0,3 millionar kroner og skriv seg frå at Finanstilsynet kontrollerte færre prospekt enn forventet i 2020. Gebyr for kontroll av prospekt var 10,7 millionar kroner i 2020, mot 10,3 millionar kroner i 2019.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanssinslova § 9 dekte av føretaka som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike føretaksgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Det samla kravet om tilsynsavgift utgjorde 453 millionar kroner. Tilsynsavgifta blir fordelt på det enkelte føretaket etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter føregåande høyring hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta sendt til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2020. I alt 14 899 tilsyns-einingar var omfatta av utlikninga. Av desse var 88 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 11 625 einingar ved inngangen til 2020.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta. Til saman blei det betalt 4,3 millionar kroner i gebyr i 2020, mot 29,5 millionar kroner i 2019.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2020 skal liggje føre innan 1. mai 2021 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 18. februar 2021


Morten Baltzersen
finanssinsdirektør

Prinsippnote for årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og etter krav i rundskriv R-115 dagsett 17. desember 2019. Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følgjer kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal først i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Finanstilsynet fører pensjonsutgiftene i resultatrekneskapen etter faktisk berekna premie for rekneskapsåret. I 2020 blei det berekna 19,2 prosent pensjonspremie av fast lønn opp til 12 G, mot 18,65 prosent i 2019 og 15,55 prosent i 2018. Av dette betaler arbeidstakaren 2 prosentpoeng. Frå og med 2020 blir pensjonspremien rekneskapsført i samsvar med føresegnene som er fastsette i Finansdepartementets rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter». Frå 2021 skal Finanstilsynet følgje føresegnene i rundskriv R-118 også for berekning av pensjonspremien, men må i ein overgangsperiode betale underdekning frå 2019 og eventuelt 2020.

Utgiftene til arbeidsgivaravgifta blir berekna og rekneskapsførte for å vise dei totale lønnsutgiftene.

Finanstilsynet er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral er gitt belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, forutan kapittel 5580, post 70. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike kravet til framstilling av løyvingsrapporteringar, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonnar. Rapporteringa frå Skatteetaten / Statens innkrevjingsentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyve til å fråvike standard framstilling gjeld i første omgang til og med rekneskapsåret 2020.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2020 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2019.

Note 8 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, mens mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.

Tabell 7: Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2020

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2020	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	436 189 000	425 343 777	10 845 223		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	31 450 000	27 235 817	4 214 183		
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter			0	17 217 398		
Sum utgiftsført					467 639 000	469 796 992			

Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2020	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A, B	11 500 000	11 044 000	-456 000	193 683	-262 317
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	A, B	4 000 000	0	-4 000 000	4 327 907	327 907
5580	Sektoravgifter underlagde Finans- departementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A, B	450 000 000	42 591	-449 957 409	450 100 647	143 238
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP			0	41 608 107		
Sum inntektsført					465 500 000	52 694 698			

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen **417 102 294**

Kapitalkontoar

60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar	20 498 183
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-430 911 306
716106	Endring i mellomverande med statskassen	-6 689 170
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

	31.12.2020	31.12.2019	Endring
716106 Mellomverande med statskassen	-20 543 372	-13 854 202	-6 689 170

Note A Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01 Driftsutgifter	9 477 000	426 712 000	436 189 000
1602 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	7 350 000	24 100 000	31 450 000
4602 03 Saksbehandlingsgebyr		11 500 000	11 500 000
4602 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.		4 000 000	4 000 000
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane		450 000 000	450 000 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastingsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		10 845 223	0	10 845 223	0	10 845 223	21 335 600	10 845 223
1602 45	«Kan overførast»	4 214 183	0	4 214 183	0	4 214 183	48 200 000	4 214 183

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast».

Kapittel og post	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Inntektsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter (+)	Meirinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastingsfullmakter
4602 03 Saksbehandlingsgebyr	-456 000	193 683	-262 317
4602 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	-4 000 000	4 329 207	329 207
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane	-449 957 409	450 100 647	143 238

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastingsfullmakter

Som følge av erstatningsansvaret til staten blei (dåverande) Kredittilsynet ved Finansdepartementet sitt brev 21. mars 2000 gitt fullmakt til å behandle og avgjere saker som gjeld beløp under 250 000 kroner. Andre vilkår går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-01/2017 «Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjettkapittel 471, post 71 og frafall av foreldelsesinnsigelse». Finanstilsynet nytta ikkje denne fullmakta i 2020.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsført av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2020.

Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 10 845 000 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2021. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 4 214 000 kroner kan overførast etter søknad.

Tabell 8: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2020

	Note	2020	2019
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	11 044 000	10 636 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		11 044 000	10 636 000
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	337 766 335	313 105 638
Andre utbetalningar til drift	3	111 365 284	113 715 443
Sum utbetalningar til drift		449 131 619	426 821 082
Netto rapporterte driftsutgifter		438 087 619	416 185 082
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	3 447 975	5 337 003
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8 B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		3 447 975	5 337 003
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		3 447 975	5 337 003
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	42 591	10 643
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		42 591	10 643
Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		41 608 107	38 942 604
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		17 217 398	17 278 392
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-24 390 709	-21 664 212
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		417 102 294	399 847 230
Oversikt over mellomverande med statskassen			
Eigedelar og gjeld		2020	2019
Fordringar		10 000	36 000
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-13 888 583	-13 743 830
Skyldige offentlege avgifter		-117 235	-146 372
Anna gjeld		-6 547 554	0
Sum mellomverande med statskassen	8	-20 543 372	-13 854 202

Note 1 Innbetalinger frå drift	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	10 744 000	10 336 000
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	270 000	240 000
Gebyr opplysningsfullmektig	30 000	60 000
Sum innbetalinger frå gebyr	11 044 000	10 636 000
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	11 044 000	10 636 000

Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2020	31.12.2019
Lønn	251 921 252	240 991 827
Arbeidsgivaravgift	41 608 107	38 942 604
Pensjonsutgifter	45 076 045	34 244 229
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 499 391	-7 366 579
Andre ytingar	5 660 322	6 293 558
Sum utbetalinger til lønn	337 766 335	313 105 638
Tal på utførte årsverk	292	279

Talet på utførte årsverk er berekna etter definisjonen i PM-2019-13.

I tidlegare årsrekneskap er talet på årsverk tilsvarande tilsette ved årsskiftet, korrigert for stillingsprosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2020	31.12.2019
Husleige	19 125 207	18 814 892
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	1 716 714	2 716 074
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	7 491 109	7 094 802
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	1 085 412	384 890
Kjøp av mindre utstyr	655 368	377 838
Leige av maskinar, inventar og liknande	13 129 577	10 279 861
Kjøp av konsulenttenester	27 035 309	32 481 827
Kjøp av andre framande tenester	17 861 307	11 885 101
Reiser og diett	1 485 509	7 407 247
Andre driftsutgifter	21 779 771	22 272 911
Sum andre utbetalinger til drift	111 365 284	113 715 443

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	0	2 289 850
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3 447 975	3 047 153
Sum utbetalt til investeringar	3 447 975	5 337 003
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	31.12.2020	31.12.2019
Bidrag frå tilsynseiningane	42 591	10 643
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	42 591	10 643

Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten	31.12.2020	31.12.2019
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten	0	0

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen		31.12.2020	31.12.2020	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler	Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar	Kundefordringar	0	0	0
	Andre fordringar	10 000	10 000	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	10 000	10 000	0
Langsiktig gjeld	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld	Leverandørgjeld	-8 262 063	0	-8 262 063
	Skyldig skattetrekk	-13 127 239	-13 888 583	761 344
	Skyldige offentlege avgifter	-123 798	-117 235	-6 563
	Anna kortsiktig gjeld	0	-6 547 554	6 547 554
	<i>Sum</i>	-21 513 099	-20 553 372	-959 727
Sum		-21 503 099	-20 543 372	-959 727

Del B Spesifisering av investeringar i aksjar og selskapsdelar

	Kjøpsdato	Tal på aksjar	Eigardel	Stemmedel	Årets resultat i selskapet	Balanseført eigenkapital i selskapet	Balanseført verdi i rekneskapen
<i>Innskot</i> OBOS Banken, konto 9820.17.90980						1 371 851	
Balanseført verdi 31.12.2019						1 371 851	0

Innskottet på konto 9820.17.90980 tilhører Boligbyggelagenes sikringsfond.

FINANSTILSYNET

Revierstredet 3
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00
post@finansstilsynet.no
finansstilsynet.no

